

OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT



INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT

STAD: Stavanger, Arkivenes hus – Richard Johnsens gate 12
MØTETIDSPUNKT: Torsdag 14. mars, kl. 09:30 – 14:00

GÅR TIL:

Styremedlemmer

Anders Hovland	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Arve Varden	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Eivind Hansen	Medlem
Stian Hoell	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Silje Ljosland Bakke	Medlem
Merethe Nygård	Medlem

Styremøte er ope for publikum og presse

Stavanger, 07.03.2024
Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
Styreleiar

SAKSLISTE:**UNDERLAG:**

OPNE SAKER

Sak	01/24 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	02/24 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 08.12.2023	Vedlagt
Sak	03/24 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	04/24 B	Rapport frå verksemda februar 2024	
Sak	05/24 O	Orientering IKT-organisasjon Statnett	
Sak	06/24 B	Årsrekneskap 2023	Vedlagt
Sak	07/24 B	Utgreiing Openheitslova – aktsemdsvurdering 2023	Vedlagt
Sak	08/24 B	Styringsdokument for Helse Vest IKT for 2024	Vedlagt
Sak	09/24 O	Økonomisk langtidsplan	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	10/24 O	Microsoft sikkerhet, ny avtale	Vedlagt
Sak	11/24 B	Forhandlingsfullmakt lønnsoppgjør 2024	e-post etter- sendes

Sak 12/24 Eventuelt

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

STAD: Bergen, Kronstad X

MØTETIDSPUNKT: 08.12.2023, 10:30 – 13:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Inger Cathrine Bryne

Helle Kristine Schøyen

Anders Hovland

Beate Sander Krogstad

Arve Varden

Eivind Gjemdal

Eivind Hansen

Stian Hoell

Agnete Sjøtun

Silje Ljosland Bakke

Merethe Nygård

FORFALL FRA STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ole Jørgen Kirkeluten

Harald Flaten

Ørjan Andersen

Vidar Råheim

Fredrik Eldøy

Pål Gaute Sætre

Kristin Farestvedt

Ole Fredrik Gulbrandsen

Leif Nordland

Aksel Bruun deltok i sak 068/23

Erik M. Hansen (Helse Vest RHF) deltok i sak 070/23

Møtedokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskrivne signaturar

Saksliste:

Opne saker

Sak 59/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 60/23 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 09.11.2023
Sak 61/23 O	Administrerende direktør si orientering
Sak 62/23 B	Rapport frå verksemda oktober 2023
Sak 63/23 B	Budsjett 2024
Sak 64/23 B	Utkast til årleg melding 2023
Sak 65/23 B	Godkjenning av revidert utviklingsplan Helse Vest IKT
Sak 66/23 B	Gjennomgang av styrande dokumenter

Lukka saker

Sak 67/23 B	Budsjett investeringar Helse Vest IKT 2024
Sak 68/23 B	Status IKT-sikkerheit
Sak 69/23 O	Status leverandørrisiko
Sak 70/23 B	Styret sin eigenvurdering og vurdering av adm.dir

Sak 71/23	Eventuelt
-----------	-----------

Styret sitt kvarter

Opne saker

Sak 59/23 B

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 60/23 B

Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 09.11.2023

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 09.11.2023.

Sak 61/23 O

Administrerende direktør si orientering

1. Migrering av integrasjonsplattform

Integrasjonssenteret har erstatta Biztalk 2013 med Biztalk 2020, gir ein betra integrasjonsplattform med auka sikkerheit og betre ytelse.

2. Helse Vest IKT har lansert spel for å redusere legemiddelfeil

Spellet Rett dose vart nyleg lansert i Helse Vest. No kan helsepersonell øve seg på å rekne ut kva som er rett legemiddeldose på ei litt annleis og artigare måte.

3. SLA - Tenesteavtalen

Arbeidet med tenesteavtalen (SLA) går nå året rundt og det er korte effektive møter kvar veke mellom representantar frå Helse Vest IKT og representantar frå IKT-leiinga i dei ulike helseføretaka. Denne nye arbeidsforma gjer at Helse Vest IKT møter endra behov raskare og støtter opp om dei kommande endringane med ny styringsstruktur og oppdaterte strategiske mål.

4. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

6. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering

Sak 62/23 B

Rapport frå verksemda oktober 2023

Det har ikkje vore beredskapssituasjonar sidan sist styremøte, men det har vore 10 omfattande episodar i oktober med fleire ulike driftsforstyringar. Dei har vore knyta til DIPS Arena, Sectra, Meona og kontaktsenterløysinga Avaya Aura. Arena og tregheit gjekk over fleire dagar og det har vert sendt ein ege rapport til sjukehusa på denne hendinga.

Det er framleis høg trafikk inn mot Kundesenteret men den har gått litt ned frå september som var høgast registrerte tal på telefonar nokon sinne.

Servicegraden har gått opp 5 % poeng og vi er no over SLA. Resultatet for oktober vart 81% der målet er at minst 80% av telefonane skal svarast på innanfor 1 minutt.

I leveransar til bygg har det vore høg aktivitet knytt til innflytting i Glasblokkane i Helse Bergen. Det var nokre kritiske utfordringar i forhold til oppstart, men innflytting i oktober er så langt vellukka.

Økonomisk resultat er dårlegare enn venta med eit resultat per oktober på 0,4 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 15,4 mill.kr. Noko skuldast kostnadsført rekneskapsfeil frå rekneskap 2022 med 5,0 mill. kr. og noko skuldast høgare rentenivå enn venta. Det er sett i verk tiltak for å redusere kostnadar.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,3%, men det er ei positiv utvikling i 2023 med lågare fråvær enn i 2022. Turnover er også noko høgare enn ønska med 7,6%.

Styret kommenterte at ein må prioritere å fortsette arbeidet med opne rotårsakar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning.

Sak 63/23 B

Budsjett 2024

Administrasjonen har etter styremøtet 09.11.2023 hatt dialog med helseføretaka om føretaksvise arbeidsoppdrag og investeringar. Utkast til porteføljebudsjett vert handsama i møte 04.12.2023 med eit forslag til ramme på 547,5 mill. kr (401,5 mill. kr til investering, og 146,0 til ikkje-aktiverbare kostnadar). Alle tal er no justert for deflator.

Utkast til budsjett for 2024 er på 1 894,2 mill. kr., ei auke på 164,4 mill. kr. i forhold til prognose for 2023, og ei auke på 262,9 mill. kr i forhold til budsjett 2023, og ei auke på 27,6 mill. kr i forhold til deflatorjustert økonomisk langtidsplan (inklusive deflator 2023, auka rentekostnad, og overført kompensasjon RNB med 7,5 mill).

Helse Vest IKT er opptatt av å vidareføre kosteffektiv drift og forvaltning innanfor IKT-området inn i ny områdestruktur, og vil ta med innsparingstiltak og automatisering som ein del av oppdraget til dei områda som ligg til Helse Vest IKT. Helse Vest IKT skal samtidig bidra til å skape moglegheiter for effektivisering og nytte i helseføretaka i nye løysingar og teknologisk utvikling.

Den største økonomiske risikoen for Helse Vest IKT ligg i estimert rentenivå og utvikling av rente for 2024, samt i nivå for leveranse av timar til investeringsprosjekt (med balanseføring av interne lønskostnadar).

Styret kommenterte at Helse Vest IKT gjennom dette budsjettet vert prioritert høgt, og vist stor tillit til å bidra i digitaliseringa i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok budsjett 2024.

Sak 64/23 B

Utkast til årleg melding

Administrasjonen har utarbeida eit utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023". Administrasjonen ber styret om innspel til utkastet. Administrasjonen vil innarbeide innspel frå styret i endeleg versjon av dokumentet som skal oversendast til Helse Vest RHF innan fristen 15.01.2024.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente utkast «Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023», med dei merknadane som kom fram under handsaming av saka.
2. Administrasjonen innarbeider innspel og oversender endeleg versjon av «Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2023» innan fristen 15. januar 2024.

Sak 65/23 B

Godkjenning av revidert utviklingsplan Helse Vest IKT

Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT i lys av oppdraget vårt, utviklingstrekka og endringane som skjer rundt oss. Den

skal bidra til å skape engasjement, eigarskap og ein felles identitet hos alle leiarane og medarbeidarane i Helse Vest IKT.

Det er viktig å forstå utviklingsplanen i lys av Strategi for digitalisering i Helse Vest, som set retning på digitaliseringsarbeidet i Helse Vest. Helse Vest IKT sin utviklingsplan handlar mellom anna om korleis selskapet skal utviklast for å svare ut ambisjonane og retninga i Strategi for digitalisering.

Utviklingsplanen er på eit strategisk og overordna nivå og peikar retning mot kva vi skal strekke oss etter. Den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge forutsetningane som ligg til grunn er gyldige. Som supplement til utviklingsplanen vil vi arbeide med mål og tiltak for kortare tidsperiodar. Slik kan vi halde fast ved ei langsiktig retning, samstundes som vi kan evaluere og justere undervegs.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente revidert utviklingsplan for Helse Vest IKT.

Sak 66/23 B

Gjennomgang av styrande dokumenter

Styrande dokument skal leggjast fram for styret årleg. Dei styrande dokumenta ligg i ei eiga mappe i Admincontrol.

Det er gjort ei endring i styrande dokument i 2023; i Styreinstruks, pkt 6.2 er «Styreformann» endra til «Styreleder».

Det er gjort ei endring i styrande dokument i 2023; i Vedtekter, i pkt 6 er daglig leder lagt til (signatur og prokura i tråd med registrert i Altinn).

Det har vore vurdert om innføring av ny styringsstruktur for digitalisering medfører nokre endringar i Styreinstruks, og det er vurdert som ikkje nødvendig.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret er kjend med og tok til etterretning følgjande dokument:
 - a. Styreinstruks for Helse Vest IKT AS
 - b. Vedtekter for Helse Vest IKT AS
 - c. Instruks for adm.dir. i Helse Vest IKT AS
 - d. Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

Lukka saker

Sak 67/23 B

Budsjett investeringar Helse Vest IKT 2024

Administrasjonen la i denne saka lagt fram forslag til disponering av investeringsramme for IKT-infrastruktur for 2024.

Investeringsbudsjettet for 2024 er på 204,4 MNOK, og i tråd med deflatorjustert økonomisk langtidsplan. I investeringsbudsjettet for 2024 har administrasjonen lagt inn behov for utskifting av infrastruktur og behov for å auke kapasiteten på fleire områder. Det er utfordringar med kostnadsnivået på fleire områder grunna valuta og vekst.

Administrasjonen er av det syn at desse investeringane i sum vil bidra til tilfredsstillande kvalitet i den samla IKT-infrastrukturen som Helse Vest IKT er ansvarleg for.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente forslag til investering i IKT-infrastruktur for 2024.

Sak 68/23 B

Status IKT-sikkerheit

Arbeidet med oppfølging av tiltak innanfor informasjonssikkerheit er prioriterte oppgåver, og ein har i denne saka gitt ein status på dei områda som ein arbeider med. Arbeidet knytt til mikrosegmentering er svært omfattande, og det tar lenger tid enn det ein hadde kalkulert med. Dei viktigaste funna frå HelseCERT sin inntrengingstest vart og lagt fram.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok status IKT-sikkerheit og rapporten frå HelseCERT til etterretning med dei kommentarane som kom fram i møtet.

Sak 69/23 O

Status leverandørrisiko

Administrasjonen har i denne saka, i samarbeid med direktør for e-helse i Helse Vest RHF, gitt styret ei oppdatert orientering om oppfølging av kritiske leverandørar innanfor det kliniske området. Det er i denne saken avgrensa til dialog med og vurderingar av følgjande leverandørar/leverandørkonstellasjonar; DIPS AS og holdingselskapet KERNEL AS, Mesalvo Freiburg GmbH (tidlegare Meona) og Mesalvo Group Locus Solutions AS og deira kanadiske eigarar Enghouse Systems Ltd.

Styret bad om ein notat om risikoreduserande vurderingar til neste styremøte.

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 70/23 B

Styret sin eigenvurdering og vurdering av adm.dir.

Styret gikk gjennom og kommenterte spørreundersøking om vurdering av styret og vurdering av adm.dir.

Styret ønsket en årsplan/årshjul, og ei restanseliste for oppfølging.

1. Styret tok saka til etterretning.

Sak 71/23

Eventuelt

Ingen saker

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 06.03.2024
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **003-24 0**

STYREMØTE: 14.03.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering

OPE DEL

1. IT-revisjon 2023

IT-miljøet i Helse Vest vurderast for å vere underlagt god styring og kontroll, og det er kontinuerleg fokus på vidareutvikling og forbetring. Presentasjon frå revisor i vedlegg 1.

2. Leiinga sin gjennomgang av klima og miljø for 2023

Helse Vest IKT har i 2023 hatt fokus på gjenbruk av IKT-utstyr, handtering av IKT-avfall og leveransar med eingongsemballasje, og vil i 2024 ha meir fokus på miljøbevisstheit og miljørelatert kommunikasjon internt. Rapport frå leiinga sin gjennomgang i vedlegg 2.

3. Unilab på plass i Helse Vest

Helse Vest har no eit felles lab-system for alle føretak, Haraldsplass og Betanien. Prosjektet starta i 2009, med oppstart i Helse Bergen, og er no slutført etter 15 år med siste del i Helse Fonna.

4. Årshjul styret

Årshjul for styremøte og aktuelle saker i vedlegg 3.

5. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

6. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

7. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

LUKKA DEL





8. Ingen aktuelle saker

Helse Vest Oppsummering IT-revisjon 2023

v/Dan-Tormod Bergem og Asle Haustveit

04. desember 2023

INNHOOLD

-  OPPSUMMERING IT-REVISJON 2023
-  OBSERVASJONER - TILGANGSSTYRING
-  OBSERVASJONER - PROGRAMENDRINGER
-  GJENNOMGANG AV SENTRALE PROSESSER

Innhold

Oppsummering



Generelle IT-
kontroller

Gjennomgang av
sentrale
prosesser

Forklaring av
symboler

OPPSUMMERING IT-REVISJON 2023

NEDENFOR VISES VÅRE HOVEDOBSERVASJONER OG ANBEFALINGER KNYTTET TIL ÅRETS IT-REVISJON. DETALJERT RAPPORT FØLGER PÅ DE NESTE SIDENE.

OMRÅDE	EVALUERING	OBSERVASJONER	ANBEFALINGER	PRIORITET
IT - styring og kontroll <ul style="list-style-type: none">IT-strategi og aktiviteterInfrastrukturInformasjonssikkerhet, drift og supportAnskaffelse, implementering og oppdateringer		<ul style="list-style-type: none">IT-miljøet i Helse Vest vurderes som for i fjor å være underlagt god styring og kontroll.Det jobbes kontinuerlig med videreutvikling og forbedring innen IKT-sikkerhet.	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler at fokuset på kontinuerlig forbedring av informasjonssikkerheten fortsetter, da dette området er i løpende utvikling.	MEDIUM
IT-generelle kontroller <ul style="list-style-type: none">TilgangskontrollerProgramendringskontrollerDataprosesseringskontroller		<ul style="list-style-type: none">IT-revisjonen har i 2023 gjennomgått og testet IT-generelle kontroller for Windows AD/Samlepunktet, SAP, GAT, Unit4 ERP, DIPS og Farmapro.Overordnet vurderes det å være etablert og formalisert gode prosesser og kontroller for tilgangsstyring, logging, programendringer og dataprosessering i Helse Vest.Generelt vurderes det å være tilfredsstillende passordkrav i Windows AD og i applikasjonene.	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler at fokuset på kontinuerlig forbedring av tilgangskontroller fortsetter, for å påse at ansatte som har forlatt Helse Vest ikke har tilgang til systemene.	MEDIUM

Innhold

Oppsummering

Generelle IT-kontroller

Gjennomgang av sentrale prosesser

Forklaring av symboler

IT-GENERELLE KONTROLLER OPPSUMMERT

OVERSIKT OVER IT-GENERELLE KONTROLLER PER APPLIKASJON I 2023

	Innmelding og deaktivering av brukere	Arbeidsdeling i applikasjonen	Periodisk gjennomgang av brukere	Individuelle- og generelle brukerkontoer	Passord-innstillinger	Program- endringer	Data- prosessering	TOTALT
SAP	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢
Unit 4	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟡	🟢	🟢
DIPS	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟡	🟢	🟢
GAT	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟡	🟢	🟢
Farmapro	🟢	🟢	🟢	🟢	🟢	🟡	🟡	🟢

Innhold







Oppsummering

Generelle IT-
kontroller

Gjennomgang av
sentrale
prosesser

Forklaring av
symboler

IT-GENERELLE KONTROLLER - TILGANGSKONTROLLER

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2022	2023			
		Nye og sluttede brukere <ul style="list-style-type: none"> Helse Vest benytter AD på tvers av organisasjonen og mange av applikasjonene benytter SSO. Samlepunktet er løsning for tilgangsstyring som henter informasjon fra HR-systemet både for nye og sluttede brukere. 	<ul style="list-style-type: none"> Personer får rettigheter de ikke skal ha. Det er ikke mulig å spore hvem som har foretatt eller godkjent bestillingen. Personer som har sluttet i virksomheten kan fremdeles ha tilgang til opplysninger og ha mulighet til å gjøre endringer. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.
		Arbeidsdeling i applikasjoner <ul style="list-style-type: none"> Det er definert en hensiktsmessig rollestruktur i alle applikasjoner vi har sett på, og det er ikke funnet kombinasjon av roller som bryter med god arbeidsdeling. 	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for utilsiktede, og tilsiktede, feil dersom en bruker har flere rettigheter enn den har bruk for. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis
		Individuelle og generelle brukerkontoer <ul style="list-style-type: none"> Alle brukere i Helse Vest har egne unike brukernavn. De fellesbrukere som finnes har begrensede rettigheter i de fleste applikasjonene. Det er i GAT og Farmapro neon fellesbrukere som har litt utvidede rettigheter, men det fremkommer at Helse Vest har god kontroll på hvem som har tilgang til disse og hva de gjør i applikasjonene. 	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglende sporbarhet i hvem som har utført handlingen. Øker risikoen for misligheter. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis. Vi minner om at det må holdes god kontroll på fellesbrukere med utvidede rettigheter og det sees på muligheten for å endre disse slik at alle brukere har unike bruker-IDer.

Innhold

Oppsummering





Generelle IT-kontroller

Gjennomgang av sentrale prosesser

Forklaring av symboler

IT-GENERELLE KONTROLLER

TILGANGSKONTROLLER

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2022	2023			
		Periodisk gjennomgang <ul style="list-style-type: none">Alle brukere styres via samlepunktet og AD. Det foreligger rutiner for at avdelingsledere skal følge opp brukere i farmapro, men det er vanskelig å dokumentere denne oppfølgingen.Vi har sett på den periodiske kontrollen for SAP og AD, og den er tilfredsstillende.	<ul style="list-style-type: none">Personer som har sluttet fremdeles har tilgang.Personer har andre rettigheter enn de har bruk for, som igjen øker risikoen for tilsiktede/utilsiktede hendelser.	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.
		Passordinnstillinger <ul style="list-style-type: none">Det er krav til to-faktor dersom man logger på utenfor Helse Vest sitt nettverk.Policyen i AD er at det er strengere krav til de brukere med administrative rettigheter, noe som er i tråd med beste praksis.Sett i sammenheng med kravene om innlogging i AD så foreligger tilfredsstillende passordkrav for applikasjonene vi har sett på.	<ul style="list-style-type: none">Risiko for uautorisert bruk av systemet	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.

Innhold

Oppsummering

Generelle IT-kontroller

Gjennomgang av sentrale prosesser

Forklaring av symboler

IT-GENERELLE KONTROLLER

PROGRAMENDRINGSKONTROLLER OG DATAPROSESSERING

STATUS		OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER
2022	2023			
		Programendringer <ul style="list-style-type: none">IT-revisjonen har i 2023 gjort et tilfeldig utvalg av produksjonsatte endringer og gjennomgått prosessen for endringshåndtering knyttet til SAP.Vår gjennomgang tilsier at det eksisterer gode rutiner for endringshåndtering i alle applikasjonene som er testet. Det er etablert kontroller gjennom hele prosessen som sikrer at alle endringer er hensiktsmessig dokumentert, godkjent før utvikling, testet og godkjent før produksjonssetting, samt at det er tilfredsstillende arbeidsdeling gjennom prosessen.	<ul style="list-style-type: none">Risiko for at eventuell feilsøking blir vanskeligere enn nødvendig grunnet mangelfull dokumentasjon.Risiko for en ikke-hensiktsmessig prioritering av endringer.Risiko for at endringer som ikke er tilstrekkelig testet settes i produksjon.	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.
		Dataprocessering <ul style="list-style-type: none">IT-revisjonen har i 2023 gjennomgått virksomhetens operasjonelle prosedyrer og kontroller for dataprocessering og dataoverføring mellom applikasjoner. Dette har vært aktuelt for SAP, Unit 4, DIPS og GAT.Vår gjennomgang tilsier at det er etablert tilfredsstillende prosesser og kontroller for å sikre at autoriserte batchjobber, planlagte automatiserte jobber og grensesnittkonfigurasjoner blir tilstrekkelig planlagt, utført, overvåket og fulgt opp.	<ul style="list-style-type: none">Risiko vedrørende nøyaktighet og fullstendighet av finansiell informasjon.	<ul style="list-style-type: none">Vi anbefaler å fortsette nåværende praksis.

Innhold

Oppsummering

Generelle IT-kontroller





Gjennomgang av sentrale prosesser

Forklaring av symboler

An aerial photograph of a rugged coastline. The top right shows vibrant turquoise water with white foam from waves crashing against dark, layered rock formations. Below the water, a rocky shore is covered in dark stones and patches of green moss. A small waterfall flows down a dark rock face on the right side. The left side of the image is dominated by a dark grey diagonal overlay containing white text.

SENTRALE FORRETNINGSPROSESSER

KONTROLLER I FORRETNINGSPROSESSENE

KONTROLL	OBSERVASJON	RISIKO	ANBEFALINGER	STATUS
4-øyne prinsippet	<ul style="list-style-type: none"> Det er satt opp krav til 4-øyne (to personer som må godkjenne) på innkjøpsordre i SAP Vi har sett på oppsettet for denne kontrollen og sett at det fungerer tilfredsstillende 	<ul style="list-style-type: none"> Unøyaktighet av varekostnad Ukorrekt verdi av varelageret 	<ul style="list-style-type: none"> Vi anbefaler at nåværende praksis videreføres 	
				
				
				

Innhold





Oppsummering

Generelle IT-kontroller

Gjennomgang av sentrale prosesser

Forklaring av symboler

Forklaring av symboler

-  Betydelig kontrollsvakhet hvor tiltak bør iverksettes umiddelbart.
-  Kontrollsvakheter identifisert, hvor det etter vår oppfatning bør iverksettes tiltak.
-  Funnene som er gjort er enkeltstående og/eller mindre kontrollsvakheter, og påvirker ikke det totale kontrollmiljøet.
-  Kontrollen er ikke aktuell / ikke testet.

Innhold

Oppsummering

Generelle IT-
kontroller

Gjennomgang av
sentrale
prosesser

Forklaring av
symboler

Om IT-revisjon

- ET VIKTIG LEDD I DEN FINANSIELLE REVISJONEN



BAKGRUNN

IT-løsningene blir en stadig større og mer integrert del av en virksomhets forretningsprosesser. Etersom lagring og behandling av data skjer i IT-systemene er det viktig å forstå og verifisere prosessene.



HENSIKT

Som en del av den finansielle revisjonen for våre kunder gjennomfører vi ofte en IT-revisjon. Hensikten er å bidra til økt kvalitet og effektivitet i den finansielle revisjonen, samt pålitelig finansiell rapportering.



FREMGANGSMÅTE

For å få en forståelse av IT-miljøet hos virksomheten vil vi ha en gjennomgang av aktuelle områder. Vi vil innhente nødvendig dokumentasjon og utføre test av utvalgte kontroller. Resultatene vil rapporteres til revisjonsteamet.



VERDI

Ved å gjennomføre IT-revisjon vil vi kunne avdekke risikoer og eventuelle svakheter i IT-miljøet. Virksomheten kan oppnå økt effektivitet generelt og i forretningsprosessene, og vi vil sikre at den finansielle rapporteringen er korrekt.



IBDO

tett på

Leiingas gjennomgang, 2023

Sak 003-24 Vedlegg 2

20.02.2024



Status miljøansvarleg

Ny miljøansvarleg frå 2023

HVIKT sitt miljøkoordinator-team består no av to personar:

- Tone E. Solheim (sekretær)
- Randi Ynnesdal (konsulent)

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Bakgrunn for leiingas gjennomgang:

- Gjennomgang av interne miljøkrav
- Gjennomgangen skal mellom anna syne:
 - Oppfølging frå siste leiingas gjennomgang (01.02.22)
 - *Merk: Grunna endringar i miljøstyringssystemet samt flytting til nye kontorlokale i Bergen, gjekk leiingas gjennomgang for 2023 ut*
 - Måloppnåing for året som har gått
 - Betringsområde

Helse Vest IKT er f.o.m. 2023 ikkje lenger ISO-sertifisert. Som eit resultat av dette er vi heller ikkje lenger underlagt KIWA sine krav, men forpliktar oss likevel til å følge opp intern miljøstyring på ein god og samvitsfull måte, med utgangspunkt i myndighetene sitt vedtekne rammeverk («[Spesialisthelsetenestas rammeverk for samfunnsansvar](#)»). Det nye miljøkoordinatorteamet har i 2023 brukt ein del tid på å legge til rette for nytt internt opplegg for miljøstyring, inkl. nye rutinar for internrevisjon.

2. GJELDANDE MILJØPOLITIKK

«Helse Vest IKT AS forpliktar seg til å vere ein miljøbevisst organisasjon som kontinuerleg reduserer den negative miljøpåverknaden ved å tenke langsiktig og førebyggande. Vi satsar på grøn IKT.»

Vi skal ta vare på det ytre miljøet ved å:

- Overhalde aktuelle lover og reglar frå myndigheitene
- Legge til rette for og ta i bruk tekniske løysingar som er positive for det ytre miljøet
- Inspirere og lære opp medarbeidarar til å vere miljøbevisste og ta miljøomsyn
- Lage eigne miljømål som del av miljøstyringssystemet, og gjennomføre tiltak for å nå desse måla

Er miljøpolitikken vår...

- ... hensiktsmessig?
- ... forpliktande til kontinuerleg forbetring og førebygging av forureining?
- ... tilgjengeleg?
- ... kommunisert til medarbeidarar og andre representantar for Helse Vest IKT?
- ... moden for endring?

3. REVISJONSAKTIVITET

Vi har no ein revisjonsplan om omfattar:

- To internrevisjonar årleg i Helse Vest IKT, i regi av miljøkoordinatorane
- Gjennomgang av miljømål ein gong per år i leiingens gjennomgang

Revisjonsaktivitet 2023

Fjorårets internrevisjon fann stad i Ibsens gate 104 i Bergen den 5. desember, med følgjande revisjonsområde:

«Gjenbruk av IKT-utstyr, handtering av IKT-avfall og leveransar med eingongsemballasje.»

Dei reviderte einingane var Seksjon for IKT-utstyr, Tele og signal, og Lokalstøtte.

Internrevisjonsrapporten ligg [her](#).

Samanfatning av årets internrevisjon

Årets internrevisjon avdekkar **0 avvik**, og **4 betringsområde**:

- **HVIKT kan i endå større grad forlenge levetida på produkta vil tilbyr**
 - o Lenger levetid betyr reduksjon i mengd innkjøpt IKT-utstyr, og mindre IKT-relatert avfall som blir sendt til gjenvinning
- **HVIKT kan utarbeide betre rutinar for tilbakelevering av øydelagt IKT-utstyr frå t.d. heimekontor, samt betre rutinar for tilbakelevering av utstyr ved enda arbeidsforhold**

- Betre rutinar betyr at HVIKT vil få betre kontroll på gjenvinningsprosessen, samt at ein maksimerer bruk av allereie innkjøpt utstyr i staden for å kjøpe nytt
- **HVIKT kan i endå større grad bidra til å forhandle avtalar**
 - Hovudansvaret her ligg hos Sykehusinnkjøp, og HVIKT bidreg allereie ein god del, men der finst alltid rom for betring
- **HVIKT kan bidra med betre rådgjevnad**
 - I dag seier vi ja til alle bestillingar. Betre rådgjevnad for kundar vil gi vinst i form av reduksjon i mengd utstyr, både det som blir bestilt og det som til ei kvar tid er utstasjonert

Forslag til revisjonsplan 2024

- Som nemnd over, har HVIKT ein revisjonsplan som omfattar to internrevisjonar årleg.
 - Internrevisjon, vår 2024
 - Tema: «Miljøbevisstheit og miljørelatert kommunikasjon internt i HVIKT»
 - Internrevisjon, haust 2024
 - Oppfølging av internrevisjon, haust 2023.

4. KLIMAGASSREKNESKAP

HVIKT rapporterer årleg til Sjukehusbygg. 2023 er femte gongen det skal samanstillast eit felles klimagassrekneskap for spesialisthelsetenesta.

Her er tala HVIKT har rapportert inn for 2023:

Uspesifisert Nøkkeltall	Forbruk 2022			Endring	Forbruk 2023			Utslipp Co2 2023 (tonn)		
	Denne enhet	Underenhet	Sum		Denne enhet	Underenhet	Sum	Denne enhet	Underenhet	Sum
Ansatte	714		714,0	38,0	752		752,0			
Brutto areal (m2)	12 500		12 500,0	4 500,0	17 000		17 000,0			
Klimaregnskap										
Energibehov bygg										
Fast kraft (kWh)	2 280 900		2 280 900,0	0,0	2 280 900		2 280 900	638,7		638,7
Klimaregnskap										
Annet forbruk										
Vannforbruk										
Vannforbruk (m3)	3 000		3 000,0	8 641,4	11 641,4		11 641,4			
Klimaregnskap										
Transport - ansatte										
Diesel (liter)	63 000		63 000,0	-56 725,6	6 274,4		6 274,4	16,7		16,7

Flyreiser							
Flyreise innenlands (km)	637 308	637 308,0	176 724,0	814 032	814 032,0	142,5	142,5
Flyreise utenlands (km)	271 805	271 805,0	19 255,0	291 060	291 060,0	37,8	37,8
Tjenestekjøring egen bil							
Bil (km)	28 609	28 609,0	170 551,0	199 160	199 160,0	33,9	33,9
Km el-bil (km)	9 176	9 176,0					

Frist for innrapportering var 9. februar. Kvalitetskontroll på innrapporterte data vil bli gjennomført av Sykehusbygg i veke 7, og fullstendig klimarekneskap (inkl. scope 3) vil vere klart i byrjinga av mars.

KOMMENTAR: *Det kom spørsmål frå leiinga ang. dei rapporterte tala for fast kraft, og om desse speglar "positivt" forbruk (fjernvarme o.l.). Dagens rapporteringssystem tek dessverre ikkje høgde for denne typen nyansering, men vi håpar at dette er noko som vil komme i framtida. (SOLTON)*

5. FORBETRINGSUNDERSØKINGA

Kvart år kartlegg vi arbeidsmiljøet og tryggleikskulturen i Helse Vest IKT. Undersøkinga er felles for alle regionale helseføretak og selskap under denne paraplyen, og vart gjennomført for første gong i 2018.

Svarprosent 2021: 90%

Svarprosent 2022: 86,7%

Svarprosent 2023: 86,8%

Spørsmål ● 1. Heilt ueinig ● 2. Litt ueinig ● 3. Verken einig eller ueinig ● 4. Litt einig ● 5. Heilt einig ● 6. Veit ikkje/ikkje relevant

GJ.SN.SKÅR SPREIING REFERANSE

2021



2022



2023



30% - Heilt einig (STABILT)	4% - Litt ueinig (AUKE)
19% - Litt einig (AUKE)	1% - Heilt ueinig (STABILT)
14% - Verken einig eller ueinig (AUKE)	32% - Veit ikkje/ikkje relevant (NEDGANG)

KOMMENTAR: *Vi håpar at vi ved å vektlegge miljørelatert kommunikasjon internt i vårens internrevisjon, vil kunne sjå ei auke i tal tilsette som rapporterer at miljøstyringsarbeidet som blir utført i HVIKT er godt. (SOLTON)*

6. GJENNOMGANG AV MILJØMÅL OG HANDLINGSPLAN

Ref.dok.: [04 Godkjent - Miljøsmål miljøindikatorer og handlingsplan 2021.docx](#)

Mål 1: Helse Vest IKT skal bidra til at nye tekniske løsninger i størst mulig grad har positiv effekt på det ytre miljøet.

Delmål 1: HVIKT skal bidra til at prosjekt der vi er involvert i leveranse av nye tekniske løsninger og utfasing av gamle løsninger, tar omsyn til miljøkriterier. Kriterier for miljøomsyn inngår i Helse Vest sin prosjektmetodikk.

Delmål 2: HVIKT skal legge til rette for at føretaksgruppa synleggjer og tek ut dei miljømessige vinstane som er identifiserte i prosjektportefølja.

Miljøindikator	Rapporterast	Ansvarleg	Grunnlag/tiltak	Status
Miljøkriterier er vurdert i prosjektet	Halvårleg	Prosjektleiarseksjonen / Porteføljekontoret	Prosjektleiarseksjonen / Porteføljekontoret	<p>To miljøtiltak er altså peika ut i Helse Vest sin prosjektmetodikk/-prosess:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Redusere reiseaktivitet – teke inn i prosjektdirektivmal • Ta omsyn til miljøsmål i anskaffingar - innarbeida i prosess

Uttak av identifiserte miljømessige vinstar	Halvårleg	Rapportstyring / Porteføljekontoret / Prosjektleiarseksjonen	Rapportstyring / Porteføljekontoret / Prosjektleiarseksjonen	<p>Miljøvinst er identifisert og teke ut i Helse Vest IKT i samband med prosjektet «Follow-me print». Løysing levert av prosjektet har ført til redusert bruk av kopipapir i Helse Vest IKT.</p> <p>Helse Vest IKT er i dag ikkje sett som direkte vinsteigar i andre regionale prosjekt, men Helse Vest IKT gjer vesentlege bidrag i prosjekt som skapar miljøvinst i sjukehusa – eksempelvis KULE-prosjektet der papirkurver vert erstatta av elektronisk kurve.</p>
---	-----------	--	--	--

VEDTAK 20.02.24: Begge delmål oppretthaldast for 2024. (SOLTON)

Mål 2: Redusere utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn som stammar frå tenestereiser.

Delmål 1: HVIKT skal halde fram å fremje bruk av elektroniske møter internt.

Delmål 2: Tal flyreiser per tilsett i 2024 skal ikkje overstige tal for 2023.

Miljøindikator	Rapporterast	Registrerast av	Grunnlag/tiltak	Status
Elektroniske møter	Kvartalsvis	Server og lagring	<p>Skyperapport tal elektroniske møter gjennomført i hele Helse Vest.</p> <p>Det er i januar 2019 satt i verk eit arbeid for å betre kunne filtrere og synleggjere Skype-statistikk, med slutt mål om månedlege tal per føretak/avdeling/seksjon.</p>	<p>2019: 10 400 møter*</p> <p>2020: 31 982 møter* (Skype og Teams)</p> <p>2021: 53000 møter</p> <p>2022: -</p> <p>2023: -</p> <p>*Tal basert på gjennomsnitt med utgangspunkt i månadane oktober, november og desember</p>
Tal flyreiser	Årleg	Miljøkoordinator og G-Travel	<p>Statistikk frå reisebyrå og statistikk på tal tilsette i HVIKT.</p> <p>Tal flyreiser fordelt på gjennomsnittleg tal tilsette i perioden.</p>	<p>2019: 7,7 pr. tilsett</p> <p>2020: 1,9 pr. tilsett</p> <p>2021: 1,4 pr. tilsett</p> <p>2022: -</p> <p>2023: 3,9 pr. tilsett</p>

VEDTAK 20.02.24: *Endring i delmål 1: HVIKT skal halde fram å fremje bruk av elektroniske møter internt. Endring i delmål 2: Tal flyreiser per tilsett i 2024 skal ikkje overstige tal for 2023 (3,9 reiser per tilsett). (SOLTON)*

Mål 3: Helse Vest IKT skal strebe etter å følge dei til ei kvar tid anbefalte offentlege miljø-normer ved anskaffing av IKT-utstyr. Ref. [Miljøhensyn ved kjøp av IT-utstyr | Anskaffelser.no](#)

Delmål 1: Innan utgangen av 2024 skal 95% av mogleg av-emballert utstyr vere levert utan emballasje.

Delmål 2: HVIKT skal få på plass ei returordning for alle brukte mobilar internt, samt legge til rette for at mobilar kan kjøpast ut ved enda arbeidsforhold.

Miljøindikator	Rapporterast	Registrerast av	Grunnlag/tiltak	Status
Del levert utstyr som er motteke av-emballert	Halvårleg	Seksjonsleder Leveranse (Jarle Simonsen)	Tal leveransar (PC-ar) som blir motteke av-emballert frå leverandør.	<ul style="list-style-type: none"> - Utstyr som kjøpast frå Klientavtalen og Tilbehørsavtalen skal innehalde Halogenfattig utstyr. - Klientar og skjermar skal vere TCO-sertifisert. - Bulkleveranse direkte frå fabrikk for både stasjonære og berbare einingar. - 100% resirkulerbar emballasje frå alle klientar og skjermar. - 85% av nye stasjonære maskiner skal leverast utan mus og tastatur, for å fremje gjenbruk av utstyr. - Bestille mest mogleg PC-utstyr i av-emballert stand (100%). Pt. Gjeld primært stasjonære PC-ar der dette er mogleg.
Tal anskaffings-prosjekt der	Løpande	Systemforvaltar innkjøpssystem	Einkvar som deltek i slike	Seksjon for IKT-Utstyr lagar ikkje avtalar åleine, der er det evt. Helse Vest Innkjøp som kan bidra ift. kva

miljøkriteriene er brukte.			prosessar skal ha miljø-kriteriet med seg inn i arbeidet med henvisning til link i headingen	kriterier som leggst til grunn. Helse Vest IKT har to representantar i utvalet for nye IKT-innkjøpsavtaler og anbod.
Tal mobilar HVIKT får i retur når returordning er på plass.	Løpande	Jarle Simonsen / Miljøkoordinator	Legge til rette for at mobilar ikkje blir liggande ubrukte, samt at kasserte mobilar blir forsvarleg gjenvunne	2024: Delmål om returordning for mobiltelefonar blir vedteke innført.

VEDTAK 20.02.24: *Delmål 1 oppretthaldast for 2024. Delmål 2 endrast til: HVIKT skal få på plass ei returordning for alle brukte mobilar internt, samt legge til rette for at mobilar kan kjøpast ut ved enda arbeidsforhold. (SOLTON)*

KOMMENTAR: *Leiinga var òg inne på M365 og bruk av skytenester som eit potensielt delmål. Miljøkoordinator noterer seg dette for mogleg tema for framtidig internrevisjon. (SOLTON)*

Mål 4: Ha miljøbevisste medarbeidarar som kjenner til organisasjonens miljøpolitikk				
Delmål 1: Innan utgangen av 2024 skal delen av tilsette som vurderer bedrifta som aktiv innan miljøarbeid aukast til over 75%.				
Delmål 2: Minst 80 % av alle medarbeidarar i Helse Vest IKT skal til ei kvar tid ha bestått e-læringskurset ytre miljø.				
Miljøindikator	Rapporterast	Registrerast av	Grunnlag/tiltak	Status

Del miljøbevisste medarbeidarar	Årleg	Personalsjef/ForBetring	HMS-undersøking	<p>2020: Auke frå 51% til 54% som er delvis og heilt einig i at vi arbeider godt med å unngå negativ påverknad på miljø</p> <p>2021: Nedgang frå 54% til 50%</p> <p>2022: Nedgang frå 50% til 48%</p> <p>2023: Auke frå 48% til 49%</p>
Del tilsette som har bestått e-læringskurset	Halvårleg	Personalsjef	Statistikk frå e-læringsportalen	<p>2020: Nedgang frå 78% til 74%</p> <p>2021: Auke frå 74% til 82,1%</p> <p>2022: Lar seg ikkje hente ut.</p> <p>2023: 76%.</p>

VEDTAK 20.02.24: Begge delmål oppretthaldast for 2024.

7. SEKSJONSVISE MILJØMÅL

Ref.dok.: [Seksjonsvise miljømål og handlingsplan 2020.docx](#)

Helse Vest IKT har hittil operert med både seksjonsvise miljømål og overordna miljømål som er felles for heile organisasjonen. I eit forsøk på å gjere miljøstyringssystemet meir effektiv og oversiktleg, blir seksjonsvise mål føreslått avskaffa f.o.m. 2024, samstundes som dei overordna miljømåla på organisasjonsnivå bør få høgare prioritet.

Dei fleste av dei seksjonsvise måla vi har operert med, er allereie dekkja av dei overordna miljømåla til HVIKT (bestå e-læringskurset «Ytre miljø», nytte elektroniske møter framfor reising, reduksjon i straumforbruk o.l.). Einaste avdelinga som har seksjonar med mål som strekk seg utover dette, er Tenesteproduksjon.

VEDTAK 20.02.24: *Seksjonsvise mål avviklast f.o.m. 2024. Overordna mål + delmål behaldast som føreslått. (SOLTON)*

8. MILJØASPEKT

Ref.dok.: [Miljøaspekt.xlsx](#)

Kritiske

- Tenestereiser, fly (totalt 2949 enkeltreiser i 2023)
- Tenestereiser, offentleg
- Elektronisk avfall
- Utvikling av meir miljøvenlege løysingar for kundar

Moderate

- Innkjøpsavtalar
- Tenestereiser, bil – inkl. elbil (ca. 6700 liter diesel i 2023)
- Straumbruk (ca. same forbruk som i 2022, kring 2 280 9000 kWh)
- Krav til utleigar

Tommel opp

- Kontormateriell
- El-bil (1 per jan. 2024 + ventar på fire, som skulle blitt levert i 2023)
- Kjeldesortering

9. MILJØAKTIVITETAR 2024

Personell	Tema	Ansvarleg	Tidspunkt
Miljøkoordinatorar	<ul style="list-style-type: none"> - Opplæring i kjemikaliehandsaming/stoffkartotek: E-læringskurs 	Tone Solheim og Randi Ynesdal	Februar 2024
	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre kommunikasjonskampanje i samband med Forbetningsundersøkinga 	Kommunikasjon	Februar 2024
	<ul style="list-style-type: none"> - Regionale klima- og miljømøter 	Brita Mauritzen Næss	Månadleg
	<ul style="list-style-type: none"> - Internrevisjon, vår 2024 <ul style="list-style-type: none"> ○ Tema: «<i>Miljøbevisstheit og miljørelatert kommunikasjon internt i HVIKT</i>» 	Tone Solheim og Randi Ynesdal	Vår 2024
	<ul style="list-style-type: none"> - Internrevisjon, haust 2024 <ul style="list-style-type: none"> ○ Oppfølging av revisjon haust 2023 	Tone Solheim og Randi Ynesdal	Haut 2024

Alle tilsette i HVIKT	<ul style="list-style-type: none"> - Gjere seg kjende med miljøstyringssystemet, og følgje gjeldande prosedyrar og rutinar som ligg der - E-læringskurs for Ytre miljø 	Seksjons-/avdelingsleiar	Kontinuerleg
------------------------------	--	--------------------------	--------------

10. YMSE

Klimavenleg leverandør av datahall


HVIKT nyttar leverandør av datahall (Green Mountain) som er sertifisert for bruk av fornybar energi (Guarantees of Origin).

Klimavenleg matte-leverandør

Elis leverer re:Tech-matter til både Ibsens gate 104 og Kronstad X. Tekstilsida av desse mattene er laga av 50% gjenvunne PET-garn, 25% gjenvunne plast (polyester) og 25% resirkulert bomull.

OPPSUMMERING

Miljøkoordinator (SOLTON) tok ein kjapp gjennomgang av dei viktigaste miljøaspekta frå 2023. Det vart brukt ein del tid på gjennomgang av overordna miljømål, og gjort fleire endringar av delmål (spesifikt Mål 2: delmål 1 og 2, samt Mål 3: delmål 2). Største endring er innføring av nytt delmål 2 under Mål 3 (oppretting av returordning for mobiltelefonar internt i HVIKT). Det vart òg drøfta realistisk målsetting for tal flyreiser per tilsett (m.t.p. at HVIKT er ei desentralisert bedrift), og nyansering i rapportering av tal til miljørekneskap (sjå kommentar under punkt 4).



Fysisk møte

Videokonferanse

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT

DATO: 07.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Fredrik Eldøy, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda februar 2024**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 004/24 B

STYREMØTE: 14.03.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek rapport frå verksemda per februar 2024 til etterretning.*

Oppsummering

Rapport frå verksemda for februar 2024 var ikkje ferdig før utsending av styresaker, men vil bli klar til styremøte 14. mars.

Det vil bli gitt ein gjennomgang av rapporten i styremøte.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT

DATO: 01.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Beate Sander Krogstad
SAKA GJELD: **Orientering IKT-organisasjon Statnett**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **Styresak 005/24 0**

STYREMØTE: **14.03.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek saka til orientering.*

Oppsummering

Ein presentasjon av IKT-organisasjon i Statnett vert gitt i møte.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 06.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Magne Rasmussen, Leif Nordland og Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Årsrekneskap 2023**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **006-24 B**

STYREMØTE: **14.03.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner «Styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2023».
2. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2023.
3. Styret vedtek rapport om løn og anna godtgjersle for Helse Vest IKT AS for 2023.

Oppsummering

Det er i denne saka lagt fram forslag til styrets årsberetning for 2023, ferdig revidert årsrekneskap for 2023 og rapport for godkjenning om løn og anna godtgjersle for 2023. Representant for revisor vil delta i styremøtet under handsaming av denne saka.

Fakta

Viser til vedlegg 1 for styrets årsberetning for Helse Vest IKT AS, sidene 1 – 15.

Viser til vedlegg 1 for årsrekneskap for Helse Vest IKT AS, sidene 16 – 35.

Årsresultat for 2023 vart eit underskot på 4,0 mill. kr.

Etter allmennaksjeloven § 6-16 b, som også er gjort gjeldande for føretak med statleg eigarandel, skal styret i føretaket kvart rekneskapsår utarbeide ein rapport som gir ei samla oversikt over utbetalt og inneståande løn og godtgjersle til leiande personar som vert omfatta av retningslinjer definert i 6-16 a. Rapporten oppfyller dei krav som går fram av «Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer».

Viser til vedlegg 2 for rapport godkjenning om løn og anna godtgjersle for 2023.

Kommentarar

Framlegget til styrets årsberetning er basert på dokumentet «Årleg melding til Helse Vest RHF for 2023», jfr sak 064-23 i styremøtet 08.12.2023 (endeleg versjon vart oversendt Helse Vest RHF 13.01.2024).

Konklusjon


Årsrekneskap med notar for Helse Vest IKT AS for 2023 er lagt fram for styret til godkjenning.

Rapport om løn og anna godtgjersle Helse Vest IKT AS for 2023 er lagt fram for styret til godkjenning.

Styret har i dag handsama og vedtatt rapport for godtgjersle til leiande personar til Helse Vest IKT AS for rekneskapsåret 2023.

Det er påsett at godtgjersle til leiande personar er i henhold til føretakets vedtekter, statens retningslinjer og leiarløn i selskap med statleg eigarandel, allmenaksjeloven §6-16a og b, forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar og krav til leiarlønspolitikk i Statens eigarskapsmelding (meld.ST. 6 (2022-2023)).

Godtgjerslerapport vert lagt fram for ordinær Generalforsamling for endeleg vedtak.



Årsrekneskap 2023



Innholdsliste

Visjon, foretningssidé og styringsbodskap	3
Leiargruppa	4
Organisasjonskart	5
Årsberetning	6
Resultatrekneskap 2022	13
Balanserekneskap 2022.	17
Kontantstrømoppstilling 2022	20



Om oss

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004. Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar.

Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Nøkkeltal

Antall tilsette:	751
Omsetning:	kr. 1 768 743 320
Antall system:	910
Antall brukere:	38 000

Kontakt

Bjørnsons gate 29
5052 BERGEN

55 97 65 00
postmottak@helse-vest-ikt.no
www.helse-vest-ikt.no
Org.nr: 987 601 787

Visjon

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.

Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.

Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.

Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta itråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.

Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.

Styringsbodskap

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søkjer å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.



Styret 2023. Fra venstre bak: Eivind Hansen, Arve Varden, Anders Hovland, Stian Hoell, Eivind Gjemdal, Silje Ljosland Bakke. Fra venstre foran: Agnete Sjøtun, Merethe Nygård, Inger Cathrine Bryne, Helle K. Schøyen og Beate S. Krogstad.

Leiargruppa



Fredrik Eldøy

Avd.leiar, IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeid på UiB og hos EDB Business Consulting.



Leif Nordland

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handels-
høgskulen i Bodø. Tidlegare
økonomi-sjef i Hummervoll AS og
rekneskapsjef i Helse Bergen.



Ole F. Gulbrandsen

HR-leiar

Master Human Resource
Management frå Universitetet i
Nordland. Har tidlegare arbeid
som HR-leiar og rådgjevar innan
statleg- og kommunal sektor.



Ørjan Andersen

Avd. leiar, Tenesteutvikling

Hovudfag i informasjonsvitskap
frå UiB. Tidlegare konsulent i
PWC og rådgjevar og prosjektleiar
i Helse Bergen.



Ole Jørgen Kirkeluten

Adm.direktør

Elektronikkingeniør frå Høyskolen
i Bergen og sivilingeniør fra
NTNU, etterutdanning innan
prosjektleiing og endringsleiing.
Erfaring frå telekom, energi, helse
og finans.



Vidar Råheim

Avd. leiar, Regionalt EPJ-fagsenter

Master i helse og
sosialinformatikk.
Sjukepleiarbakgrunn frå
Psykiatrisk klinikk, Medisinsk
divisjon og Fag- og foretaksPÅL



Harald Flaten

Avd. leiar, Teneste-produksjon

Elektronikkingeniør frå NKIs
Ingeniørhøgskule i Bergen.
Tidlegare driftsingeniør i
Televerket og driftsleiar for IT-
avdelinga ved Sentralsjukehuset i
Førde.



Pål Gaute Sætre

Konst. avd. leiar,
Verksemdsutvikling

Master i Informasjonsvitskap
frå UiB + utd frå Gimekollen
mediehøgskole, BI og UiO.
Tidlegare arbeida med utvikling av
system i bank/finans i TietoEvry.



Gjertrud Fagerli

Avd. leiar, Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå
NHH og BI. Har tidlegare arbeid
i Accenture, Telenor og EDB
Business Partner.




Kristin Farestvedt

Avd. leiar, Strategisk IKT

Bedriftsøkonom med tillegg
frå BI, etterutdanning innan
leiing, endringsleiing og
organisasjonsutvikling. Erfaring
frå shipping, IT, finans og helse.

Organisasjonskart



Helse Vest tek grep for å auke evna til kontinuerleg forbetring

I 2021 starta arbeidet med å få på plass ny styringsstruktur for Helse Vest.

Foretaksgruppa tek med dette grep for å få opp tempo og auke evne til omstilling.

Den nye styringsstrukturen utgjør ei større endring for Helse Vest IKT enn for føretaka. Helse Vest IKT har i heile 2023 arbeidd med operasjonaliseringen av ny styringsstruktur som i praksis skal gjelde frå januar 2024. For å forbetre digitaliseringsarbeidet i Helse Vest vart mandata for dei ulike organa i den nye styringsstrukturen i Helse Vest IKT fastsett i Direktørmøtet. Med dette starta arbeidet med å bemanne styringsorgana i områda og presisere oppgåver.

Helse Vest ønsker i praksis å bevege seg vekk frå å køyre store program/prosjekt til ei områdestyring kor prosjekt og forvaltning smeltast saman. Målet med endringa er at Helse Vest sin styringsstruktur for digitalisering skal understøtte kontinuerleg forbetring i større grad. Den nye styringsstrukturen forsterkar moglegheita for å nå dei fire prinsippa for digitalisering:

- rammer vert definerte i fellesskap i heile Helse Vest
- samordna styring av utviklingsinitiativ i heile Helse Vest
- løysingar vert utvikla tettare på linja og brukarane
- avgjerder vert tekne på lågast moglege nivå

Det vil òg krevje innsats for å nå målsettinga om at ny styringsstruktur skal legge til rette for kortare tid frå behov oppstår til løysing, noko områdestyra vil vere bevisste på i det vidare arbeidet. Fordelen ved å starte opp alle områda samstundes er at alle då får like høg prioritet frå start, og tid til å modnast for ein solid oppstart med leveranse- og økonomiansvar frå januar 2024.

Nye område og områdeeigarar

Dei nye områda som etablerast er som følgjer, og har følgande områdeeigarar:

- Pasientbehandling - Bjørn Egil Vikse.
- Økonomi og forsyning - Per Karlsen.
- Infrastruktur for sjukehusdrift - Ivar Eriksen.
- Medarbeidar, organisasjon, analyse, utdanning og kompetanse – Hilde Brit Christiansen.
- Arkitektur og datastyring – Ole Jørgen Kirkeluten.
- IKT-infrastruktur og delte tenester - Ole Jørgen Kirkeluten.

Den nye strukturen erstattar mellom anna Porteføljestyret og Teknologirådet. I tillegg vil fleire fora justerast i takt med at områda kjem i gang med praktisk arbeid. Eksempel på dette kan vere forvaltnings- og styringsorgan, programstyre med meir.

Pasientbehandling delast opp i fleire område med eit felles områdestyre

Pasientbehandling skal arbeidast vidare med av Bjørn Egil Vikse i samarbeid med områdestyret med utgangspunkt i ansvarsområdet dei har. Det vil bli gjort kontinuerlege forbetringar i mandat og områdeinndeling etter kvart som Helse Vest får erfaring med den nye strukturen. Helse Vest IKT har fått ansvar for prosessen med å bemanne alle områdeleiarstillingane, samt leiarstillinga for digitaliseringssekretariatet.

Alle medarbeidarar i Helse Vest er i sky med M365

Ein stor milepæl i M365-prosjektet er nådd når alle brukarkontoar no er flytta til sky. Med M365 får medarbeidarane i Helse Vest nye verktøy for digital kommunikasjon og samarbeid i Helse Vest, og no er alle 38 000 medarbeidarar om bord.

Overgangen til M365 starta med medarbeidarane i Helse Vest IKT i september 2022 og avslutta med Sjukehusapoteka Vest som det siste føretak til å fullføre skyreisa i oktober 2023. Til saman har om lag 38 000 medarbeidarar fått sin postboks og sine dokument i skya, og har no tilgang til M365 både på jobb, reise og privat.

For føretaksgruppa Helse Vest inneber M365-prosjektet at alle kan ta i bruk dei fire hovudappane for digital kommunikasjon og samarbeid – Teams, SharePoint Online, OneDrive og Viva Engage – med alt det inneber av teknisk førebuing av Helse Vest IKT, opplæring og oppfølging av leiarar og medarbeidarar i føretaka, bygging av nye intranett og rydding i gamle dokumentområder.

M365 gir medarbeidarane heilt nye verktøy for digital kommunikasjon og samhandling som legg betre til rette for samhandling og samarbeid, kunnskapsdeling og kulturbygging.

Perioden for det regionale prosjektet gjekk ut 2023. Deretter skal den nyoppretta seksjon for skytenester i Helse Vest IKT stå for den tekniske forvaltninga av M365, og ein reknar med vidare felles arbeid i Helse Vest for å bidra til å ta ut effektane av M365.

Helseføretaka skal vere godt involvert og få god støtte i det vidare arbeidet med opplæring og korleis ein kan nytte løysingane best mogleg i åra framover.



Regional prosjektleiar for M365, Aina Berggraf.

Pasientens legemiddelliste - eit tryggare og meir effektivt helsevesen

Tryggare legemiddelbehandling, god pasientsikkerheit, og betre samhandling mellom helseinstitusjonar. Difor vart Pasientens legemiddelliste innført på Haraldsplass og i Mottaksklinikken på Haukeland i oktober.

Pasientens legemiddelliste (PLL) er ei ny løysing for felles oversikt over legemidla pasienten brukar. I dag ligg denne informasjonen ofte spreidd.

Feil bruk av legemiddel er årsak til både dødsfall og eit høgt tal reinnleggingar på sjukehus. Ein viktig årsak til legemiddelfeil er at det er vanskeleg for helsepersonell å få ei fullstendig og god oversikt over pasienten sine legemiddel.

PLL er ei ny løysing som skal gi informasjon om legemiddel ordinert av både fastlege, sjukehuslege, sjukeheimslege og andre legar, og skal bidra til tryggare legemiddelbehandling og meir effektive arbeidsprosessar i pasientovergangar mellom verksemder i helse- og omsorgstenesta.

Prøver ut løysinga i Bergen

Bergen kommune er peika ut som utprøvsområde for PLL. Dersom utprøvinga vert vellukka vil løysinga på sikt innførast nasjonalt.

Utprøvsprosjektet i Bergen vert gjennomført i form av to delprosjekt knytte til det nasjonale utprøvsprosjektet, som vert leia av Norsk Helsenett (NHN) på oppdrag frå Direktoratet for e-helse. Delprosjekta er Bergen kommune (fastlegar, sjukeheimar, heimetenesta) og Helse Vest ved Haraldsplass Diakonale sjukehus og Haukeland universitetssjukehus.

Dette vil gi betre kvalitet på ordinasjonane i MEONA, og spare legane for tid til plotting. Når pasientar vert skrivne ut, skal legane på til dømes Mottaksklinikken sørge for at dei får sendt ut ein oppdatert PLL, slik at fastlegen og andre kan følge opp. Pasientens legemiddelliste vert eit godt verktøy for trygge overgangar inn og ut av sjukehuset, for pasientsikkerheit og samhandling.

Helsepersonell får digital tilgang til journalinformasjon frå alle sjukehusa i Helse Vest

Med dei nye tenestene som skal innførast i november 2023, er kjernejournalen endeleg på veg til å bli eit nyttig verktøy i helsepersonell sin kvardag.


21. november 2023 vart pasientens journaldokument frå sjukehus i Helse Vest tilgjengeleggjort i pasientens kjernejournal. Helsepersonell som har tilgang til kjernejournalen får tilgang til dokumentlista frå sjukehus i Helse Vest og Helse Sør-Øst. Det betyr at alle med tilgang til kjernejournal via sitt pasientjournalssystem, kan gjere oppslag i dokumentlista for dei pasientane dei har behandlarrelasjon til.

Foreløpig vil berre fastlegar ha tilgang til å kunne opne og lese journaldokument for sine pasientar. Dette vil endrast, og fleire grupperingar av helsepersonell vil etter kvart få tilgang, som for eksempel helsepersonell på dei kommunale legevaktene.

Vil få tilgang på tvers av regionar

I løpet av 2024 vil òg sjukehuspersonell få tilgang til pasientens journaldokument på tvers av helseregionar, og ikkje berre i eigen region. Det vil gi helsepersonell raskare tilgang til helseopplysningar som igjen kan gi eit betre avgjerdsgrunnlag for å yte forsvarleg helsehjelp.

Både nasjonalt og i Helse Vest er det fleire store prosjekt på gong innan digital samhandling. Pasientens prøvesvar, Kritisk informasjon, og Pasientens legemiddelliste skal òg bidra til informasjonsutveksling via kjernejournalen til den enkelte pasient.



-Med de nye tjenestene som nå skal innføres, er kjernejournal endelig på vei til å bli et virkelig nyttig verktøy i helsepersonells hverdag, forteller Sveinung Gangstø - legespesialist og medisinsk rådgiver.

Kunstig intelligens som teneste: Viktig bidrag til trygg pasientbehandling

2023 vart KI-teamet etablert i Helse Vest IKT, og organisasjonen tilbyr no Kunstig intelligens som teneste for helseføretaka i Helse Vest.

Helse Vest IKT har fått på plass eit KI-team som skal hjelpe føretaka å utnytte heile innovasjonspotensialet innan kunstig intelligens. Det skal vere lett for føretaka å byrje med KI-arbeid. Helse Vest IKT trur KI kan bli ei viktig og nyttig brikke i pasientbehandlinga, pasientsikkerheitsarbeidet og i det administrative arbeidet til føretaka.

På sikt ønskjer Helse Vest IKT å nå ut til føretaka for å auke forståinga av KI, og hjelpe dei tilsette å identifisere oppgåver som kan automatiserast eller forbetrast med hjelp av KI. På denne måten vil føretaka betre forstå moglegheitene dei har for automatisering og forbetring av oppgåver, og samstundes sikre at KI vert brukt på ein ansvarleg og trygg måte.

Kva er KI?

Det finst mange definisjonar av Kunstig intelligens. Helse Vest IKT sitt team definerer KI som gjenskaping av ei kognitiv ferdigheit hos mennesket. KI løyser altså oppgåver som typisk krev menneskeleg intelligens. Vidare kan ein definere Kunstig intelligens som ein teknologi som let maskiner gjere ting som vanlegvis berre menneske kan. KI lærer seg vanlegvis kunnskap via analyse av store datamengder. Eksempel på KI-kunnskap er å forstå tekst, kjenne att objekt i bilete eller finne mønster i store komplekse datasett.

Fleire KI-prosjekt i gong

Helse Vest IKT sitt KI-team har byrja arbeidet med forskjellige innovasjons- og forskingsprosjekt som Klinisk NorBERT (HV), Assyst Dispatching (HV IKT), Specbase (HBE) og AISMEC (HBE). I AISMEC-prosjektet skal KI identifisere pasientar med hjerneslag for 113-operatørar direkte på telefon, medan KI i Specbase skal hjelpe å redusere unødvendige dobbeltprøver ved Hormonlaboratoriet.

Føretaka kan få eigen server

Helse Vest IKT gir føretaka moglegheit til å sjølve kunne utvikle KI-modellar med eige KI-servertilbod. Ein slik server inneheld standard KI-programvarer, som kan handtere sensitive data og har nok reknekraft (Nvidia GPU) til å kunne støtte dei fleste moderne KI-modellane. Desse serverane ligg ikkje i skya, men lokalt i Helse Vest sine datasenter og kan spare mange forskingsprosjekt og analysmiljø for dyrt utstyr, og unødvendige anskaffingskostnadar.



Christian Autenried og Johanna Jøsang er klare for å bistå sykehusene med KI-løsninger.

Nytt intranett og nye eksterne nettsider for Helse Vest IKT

Tysdag 7. februar fekk Helse Vest IKT intranettsider. Det var ein stor dag der medarbeidarane vart møtte med eit heilt anna andlet då dei opna intranettet på plattformen Sharepoint online.

Helse Vest IKT var fyrst ute blant føretaka i Helse Vest med nytt intranett og nye temaområde på Sharepoint Online. Oppgradering av Sharepoint og kommunikasjon i M365 er eit delprosjekt i M365 sitt regionale prosjekt. Målet for det regionale prosjektet er å tilby alle medarbeidarar i Helse Vest tidsriktige, trygge og sikre løysingar for digitalt samarbeid som alltid er tilgjengeleg uavhengig av om ein er til stades på arbeidsplassen.

Det nye intranettet kan ikkje samanliknast med det gamle. Samhandling, interne lister og dokumentbibliotek er flytta over i Teams. Store mengder utdatert innhald døydde ut med den gamle plattformen. Anna innhald har blitt flytta over i regionale portalar, fordi målgruppa er heile Helse Vest, og ikkje berre IKT-arar.

Helse Vest IKT over på nytt internett

I mai 2023 fekk organisasjonen òg nytt internett og dermed nytt andlet ut mot det eksterne publikum. Byttet betyr at Helse Vest IKT har fått ein annan teknisk plattform. Dette betyr i praksis at vi bytter teknisk løysing, altså CMS, som står for Content Management System. Vi går frå Sharepoint til Optimizely.

Overgangen er ein del av eit nasjonalt prosjekt, kor Helse Vest IKT tilhøyrrer lanseringspulje 2. Saman med alle RHF-a, IKT-selskapa og sjukehusapoteka fekk vi innhaldet på den gamle nettsida migrert over til det nye systemet i starten av mai.

Både innhald og design er friska opp på dei nye nettsidene. Kommunikasjonsgruppa har valt å fokusere på å framheve kva Helse Vest IKT held på med, og vise menneska bak organisasjonen, for å rette oss mot potensielle arbeidssøkarar.

I etterkant av dette bytet har kommunikasjonsgruppa vår arbeid med å rydde i sidene, flytte og slette innhald, samt få på plass nytt og relevant innhald. Framover vil dei reindyrke nettsidene mot eit eksternt publikum med fokus på kva vi faktisk gjer og menneska bak.



Kommunikasjonsgruppa har jobbet med innføring av både nytt intranett og eksterne nettsider. Fra venstre: Anne Marit Soltveit Pettersen, Magne Rasmussen og Maria Fehr Johansen.

Helse Vest IKT flyttar inn i Kronstad X

Sommaren 2023 flytta Helse Vest IKT inn i nye kontorlokale i Bergen. Etter sommarferien var alle på plass i dei nye lokala.

Utflytting frå Utsikta, Haukelandsbakken og Knausen (2. etg) skjedde fredag 23. juni. Frå og med 17. juli var alle på plass på Kronstad X.

Dette betydde at frå 26. juni til 14. juli måtte alle som skulle flytte inn i Kronstad X nytte lokala i Ibsens gate 104 eller heimekontor grunna flytteprosessen. Unntaket var Kundesenteret og Driftssenteret, som flytta inn i Kronstad X allereie den 26. juni.

Frå og med tysdag 30. mai var det riving og ombygging i 1. etasje i Ibsens gate 104, der Klientdrift, Tele og signal og IKT-utstyr no sit.

No er dei fleste avdelingane med unntak av desse samlokalisert i Kronstad X. Håpet er at bygget skal bidra til eit samhald på kryss og tvers av avdelingar og fagområde og vere ein arena for samhandling og kollegialt samhald.



17. juli flytta Helse Vest IKT i Bergen inn i nye lokaler i Kronstad X.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2023 var eit underskot på 4,0 mill. kr. Resultatet er 5,0 mill. kr under budsjett. Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2023 visar eit overskot på 30,8 mill. kr.

Dei totale inntektene var 1 768,7 mill. kr. Av desse var 1 604,9 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 41,2 mill. kr sal av IKT-utstyr, 76,7 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 46,0 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til tilskot frå Helse Vest RHF).

Totalt driftskostnader var 1 699,9 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 40,9 mill. kr, personalkostnader 554,4 mill. kr, avskrivningar 358,1 mill. kr og andre driftskostnader 746,5 mill. kr. Med netto finanskostnader på 72,9 mill. kr gjev dette årsresultatet på – 4,0 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2023 var 2 613,7 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 79,9 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 182,1 mill. kr og utgjorde dermed 7,0%.

Kontantstraum

Kontantstraumen viser at likviditeten er redusert med 54,4 mill.kr i 2023. Av dette utgjør netto kontantstraum frå ordinær aktivitet 308,5 mill. kr., bruk av kontantstraum til investeringsaktivitetar 560,7 mill. kr, og tilført kontantstraum frå finansieringsaktivitetar 197,7 mill. kr.

Forskjellen mellom kontantstraum frå drifta på 308,5 mill. kr. og årsresultatet på -4,0 mill. kr. er i hovudsak ordinære avskrivningar på 358,1 mill.kr.

Innbetaling ved opptak av langsiktig lån frå Helse Vest RHF utgjorde 200,0 mill. kr. i 2023, mot 270 mill. kr. i 2022. Opptak av lån dekker i all hovudsak forskjell mellom nye investeringar og ordinære avskrivningar.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 133,5 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom eigne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2023.

Om miljø og samfunnsansvar

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2023 på 6,3%, noko lågare enn i 2022 på 6,5 %, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær.

Helse Vest IKT har ikkje hatt arbeidsulykker i 2023.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar

og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

Selskapet har ikkje teikna forsikring for styrets medlemmer eller dagleg leiars moglege ansvar ovanfor føretaket.

Informasjon om likestilling og diskriminering ligg på vår nettside helse-vest-ikt.no.

Helse Vest IKT AS inngår i samarbeidsavtale med Sykehusinnkjøp HF og RHF/HF-a som saman skal utarbeide ei årleg plan for tiltak og aktivitetar som skal gjennomførast i det neste året knytt til samfunnsansvar.

Utgreiing Openheitslova og aktsemdsvurdering vil bli publisert på vår nettside helse-vest-ikt.no, seinast 30. juni 2024.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureina ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av elektroniske møter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet var sertifisert etter ISO 14001:2015 i 2021, men valte å gå ut av ordninga i 2022. Styringssystem for miljø som vart etablert under ISO-sertifisering vert vidareført.

Helse Vest IKT har følgjande miljøpolitikk: «Helse Vest IKT AS forpliktar seg til å vere ein miljøbevisst organisasjon som kontinuerleg reduserer den negative miljøpåverknaden ve då tenke langsiktig og førebyggjande. Vi satsar på grøn IKT.»

Helse Vest IKT har i 2023 hatt fokus på å redusere tal på flyreiser, få mest mogleg av utstyr i av-emballert stand, gjenbruk av IKT-utstyr, samt sikre forsvarleg handtering av utstyr som ikkje nyttast lenger.

Klimarekneskapan for 2023 viser mellom anna auke i nytta areal, stabilt straumforbruk, reduksjon i bruk av diesel, auke i flyreiser og tenestekjøring.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2023 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2023 var eit underskot på kr 4 031 587. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at underskotet vert ført mot annan eigenkapital.

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggjande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen som er vedteken i Helse Vest.

Det rekneskapsmessige resultatet for 2023 på – 4,0 mill. kr er innanfor forventninga om eit o-resultat, og innanfor selskapets formål med ikkje erverv som formål.

I samsvar med rekneskapsloven vert det stadfesta at føresetnad om vidare drift er lagt til grunn då årsrekneskapen vart avslutta. Helse Vest IKT AS inngår som eit dotterselskap til Helse Vest RHF kor staten gir driftsgaranti, og selskapet kan ikkje gå konkurs.

Styret si oppfatning er at det ikkje er forhold som ikkje tilseier framleis drift.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

Bergen, 14.03.2023
Styret for Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
styreleder

Anders Hovland
styremedlem

Eivind Hansen
styremedlem

Eivind Gjemdal
styremedlem

Helle Kristine Schøyen
styremedlem

Beate Sander Krogstad
styremedlem

Merethe Nygård
styremedlem

Agnete Sjøtun
styremedlem

Silje Ljosland Bakke
styremedlem

Arve Varden
styremedlem

Stian Hoell
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten
administrerende direktør

Resultatrekneskap 2023

Driftsinntekter og driftskostnader

Alle tall i 1000 NOK.

Driftsinntekter	Note	2023	2022
Basisramme	2	37 439	30 174
Anna driftsinntekt	2	1 731 304	1 530 442
Sum driftsinntekter	2	1 768 743	1 560 616
Driftskostnader			
Varekostnad		40 873	25 188
Lønn og andre personalkostnader	3	554 417	501 676
Ordinære avskrivningar	6	358 116	332 896
Andre driftskostnader	3, 4	746 505	677 792
Sum driftskostnader		1 699 911	1 537 553
Resultat frå drifta		68 832	23 063
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	5	4 852	2 850
Andre finanskostnader	5	77 716	29 929
Netto finansresultat	5	-72 864	-27 079
Resultat for året		-4 032	-4 016
Overføringer			
Overført annan eigenkapital	11	-4 032	-4 016
Sum overføringar		-4 032	-4 016

Balanserekneskap 2023

Eigedelar

Alle tall i 1000 NOK.

Anleggsmidler - Immatrielle driftsmiddel	Note	2023	2022
Lisensar og programvare	6	1 351 853	1 402 986
Sum immatrielle eigedelar		1 351 853	1 402 986
Anleggsmidler - Varige driftsmidler			
Medisinteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l.	6	322 126	313 758
Anlegg under utføring	6	406 096	161 878
Sum varige driftsmidler		728 222	475 636
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	7	8 077	6 974
Sum finansielle anleggsmidler		8 077	6 974
Sum anleggsmidler		2 088 153	1 885 595
Omløpsmidlar			
Varer	8	35 603	40 317
Krav	9, 16	356 407	342 418
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	133 509	187 948
Sum omløpsmidlar		525 518	570 682
Sum eigedelar		2 613 670	2 456 277

Balanserekneskap 2023

Eigenkapital og gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

Innskoten egenkapital	Note	2023	2022
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten egenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten egenkapital		151 319	151 319

Opptent egenkapital			
Annan egenkapital	11	30 770	34 802
Sum opptent egenkapital		30 770	34 802

Sum egenkapital	11	182 089	186 120
------------------------	-----------	----------------	----------------

Gjeld – Avsettingar for forpliktingar

Pensjonsforpliktingar	12	93 515	108 218
Sum avsetting for forpliktingar		93 515	108 218

Anna langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	13, 16	2 002 618	1 804 928
Sum anna langsiktig gjeld		2 002 618	1 804 928

Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		2 096 133	1 913 146
---	--	------------------	------------------

Kortsiktig gjeld

Skuldige offentlege avgifter		47 540	40 564
Anna kortsiktig gjeld	14	287 908	316 447
Sum kortsiktig gjeld		335 449	357 011

Sum gjeld		2 431 582	2 270 157
Sum egenkapital og gjeld		2 613 670	2 456 277

Bergen, 14.03.2023
Styret for Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
styreleder

Anders Hovland
styremedlem

Eivind Hansen
styremedlem

Eivind Gjemdal
styremedlem

Helle Kristine Schøyen
styremedlem

Beate Sander Krogstad
styremedlem

Merethe Nygård
styremedlem

Agnete Sjøtun
styremedlem

Silje Ljosland Bakke
styremedlem

Arve Varden
styremedlem

Stian Hoell
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten
administrerende direktør

Kontantstrømoppstilling 2022

Alle tall i 1000 NOK.

Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter	2023	2022
Årsresultat	-4 032	-4 016
Ordinære avskrivninger	358 116	332 896
Endring i omløpsmidlar	-9 275	-131 459
Endring i kortsiktig gjeld	-21 562	121 171
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger	-14 704	16 632
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	308 544	335 225
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-559 570	-470 168
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-1 104	-929
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-560 674	-471 096
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	200 000	270 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Innbetaling av investeringstilskott	0	-4 404
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	197 691	263 286
Netto endring i likviditet	-54 439	127 416
Likvide midlar 01.01	187 948	60 532
Likvide midlar 31.12	133 509	187 948
Herav skattetrekk og andre bundne midler	21 373	20 238
Likviditetsreserve 31.12	112 136	167 709

Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2023 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest IKT AS blei stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Knud Holms gate 8, 4005 Stavanger.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring – Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Andre inntekter

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid

skal avskrivas etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

Immaterielle egedelar

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhengen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklar. I særskilde høve vil eiga forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle egedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle egedelar som er balanseførte avskrivas lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet egedelen blir teken i bruk.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kostfråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidlar avskrivas hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangingsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivas i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Eigenkapitalinnskot i KLP

Eigenkapitalinnskot i KLP er separate finansielle egedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for påreknaleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetting for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetting for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir

presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt

Føretaket er ikkje skattepliktig.

NOTE 2

Driftsinntekter

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Tenestosal helseføretaka	1 604 909	1 424 030
IKT-utstyr	41 201	26 270
Tenestosal eksterne	76 661	70 737
Anna	45 972	39 578
Sum	1 768 743	1 560 616

NOTE 3

Lønn og andre godtgjersler

Alle tall i 1000 NOK

	2023	2022
Lønnskostnader	488 250	441 213
Arbeidsgivaravgift	71 046	62 500
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	81 707	81 824
Andre ytingar	10 692	7 970
- Balanseførte lønnskostnader egne tilsette	-97 278	-91 830
Sum lønn og personalkostnader	554 417	501 676
Gjennomsnittleg tal på tilsette	734	688
Gjennomsnittleg tal på årsverk	722	676

Ytingar og lån og trygghetsstillelser til leiande personar

Frå og med rekneskapsåret 2022 er føretak med statleg eigardel underlagt retningsliner for leiarlønn og leiarlønsrapportering i asal § 6-16a og b. Dette inneber at det blir utarbeid ein eigen leiarlønsrapport og at opplysningar om eventuelle ytingar, lån og sikkerhetsstillelser til leiande personar etter regnskapslovas § 7-31b og §7-32 første ledd blir gitt i denne rapporten.

Godtgjersle til revisor	2023	2022
Revisjon etter lova	221	235
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	26	0
Andre tenester utanfor revisjon	0	9
Sum honorar til revisor	248	244
Honorar til revisor i høve til inngått avtale	229	220

Honorar til revisor er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

NOTE 4

Andre driftskostnader

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	56 923	48 520
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	22 313	25 157
Reparasjon, vedlikehold og service	15 537	19 733
Konsulenttenester	98 919	119 421
Anna ekstern teneste	13 525	7 815
Kontor- og kommunikasjonskostnader	49 754	49 301
Kostnader i samband med transportmiddel	529	589
Reisekostnader	10 802	9 310
Forsikringskostnader	5	261
Andre driftskostnader	478 198	397 686
Sum andre driftskostnader	746 505	677 792

NOTE 5

Finansposter

Alle tall i 1000 NOK

	2023	2022
Andre renteinntekter	4 420	2 719
Andre finansinntekter	432	132
Sum finansinntekter	4 852	2 850
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	77 291	29 590
Andre rentekostnader	105	177
Andre finanskostnader	319	163
Sum finanskostnader	77 716	29 929

NOTE 6

Immatrielle egedelar og varige driftsmidler

Alle tall i 1000 NOK.

Immatrielle egedelar	Goodwill	Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		2 146 228	239 950	2 386 179
Tilgang		35 901	119 358	155 259
Avgang			-145 003	-145 003
Frå prosjekt under utvikling	0	145 003		145 003
Kostpris 31.12		2 327 132	214 306	2 541 437
Akkumulerte avskrivningar		1 189 584		1 189 584
Akkumulerte nedskrivningar				
Balanseført verdi 31.12	0	1 137 548	214 306	1 351 853
Ordinære avskrivningar i året		206 391		206 391
Ordinære nedskrivningar				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		Lineær		

Varige driftsmidler	Tomter / bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk- teknisk utstyr	Transport- middel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			161 878		825 482	987 360
Tilgang i året			261 913		142 736	404 649
Avgang i året			-17 695			-17 695
Frå anlegg til utføring					17 695	17 695
Kostpris 31.12	0	0	406 096	0	985 913	1 392 009
Akk. avskrivningar 31.12					663 787	663 787
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	0	406 096	0	322 126	728 222
Ordinære avskrivningar i året					151 725	151 725
Balanseførte lånekostnader						
Levetider					4 - 7 år	
Avskrivningsplan					Lineær	
Leigeavtaler						
Leigebeløp		48 791			688	49 479

NOTE 7

Investeringar i aksjar og partar

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Eigenkapitalinnskot i KLP	8 077	6 974
Sum investeringar i andre aksjar og partar	8 077	6 974

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

NOTE 8

Varelager

Alle tall i 1000 NOK.

Varer for videresal	2023	2022
Handelsvarer	35 603	40 317
Sum varer for videresal	35 603	40 317
Sum varelager	35 603	40 317
Kostpris lager	35 603	40 317
Bokført verdi 31.12	35 603	40 317

NOTE 9

Kundekrav og andre krav

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Kundekrav	23 085	11 420
Krav på føretak i føretaksgruppa	197 253	218 719
Oppsamla inntekter	-382	1 558
Andre kortsiktige krav	136 450	110 720
Sum krav	356 407	342 418

Kundekrav har følgende fordeling på forfall

Krav som ikkje er forfalne til betaling	24 486	11 788
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	258	335
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	-107	123
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	-93	-10
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	-1 414	-816
Kundekrav pålydande per 31.12.	23 130	11 420

NOTE 10

Kontantar og bankinnskot

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Skattetrekksmidlar	21 373	20 238
Sum bundne kontantar og bankinnskot	21 373	20 238
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	112 136	167 709
Sum kontantantar og bankinnskot	133 509	187 948

NOTE 11

Eigenkapital

Alle tall i 1000 NOK.

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	1 000	150 319		34 802	186 120
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
Eigenkapital 01.01. i år	1 000	150 319	0	34 802	186 120
Eigenkapitalstransaksjonar					
Resultat dette året				-4 032	-4 032
Eigenkapital 31.12. i år	1 000	150 319	0	30 770	182 089

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 1000 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar	2023	2022	2002-2023
Årsresultat	-4 032	-4 016	29 428
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	-4 032	-4 016	29 428
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*			1 373
Resultat jf. økonomiske krav	-4 032	-4 016	30 801
Resultatkrav	1 000	1 000	27 114
Avvik frå resultatkrav	-5 032	-5 016	3 687

NOTE 12

Pensjon

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Oppsamla pensjonsforplikting	732 293	636 646
Pensjonsmidlar	619 940	548 676
Netto pensjonsforplikting	-112 353	-87 969
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-15 583	-12 201
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	34 421	-8 048
Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift	-93 515	-108 218
Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-93 515	-108 218
Av pensjonsmidlar utgjer premiefond	59 646	62 488

Spesifikasjon av pensjonskostnad

Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	77 195	75 967
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	21 260	12 424
Brutto pensjonskostnad i året	98 455	88 391
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	-29 798	-19 216
Administrasjonskostnader	2 779	2 391
Netto pensjonskostnad inkl, administrasjonskostnad	71 436	71 567
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	9 908	9 926
Resultatført aktuarielt tap (vinst)	0	-5
Resultatført aga av aktuarielt tap (vinst)	-4	2
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	81 341	81 490
Andre pensjonskostnader*	366	334
Sum pensjonskostnader	81 707	81 824

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Økonomiske føresetnader	2023	2022
Diskonteringsrente	3,00	3,00
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	5,10	5,10
Årleg vekst i lønn	3,50	3,50
Årleg pensjonsregulering	2,63	2,63
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25	3,25
<hr/>		
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	744	702
Talet på oppsette personar med i ordninga	433	394
Talet på pensjonistar med i ordninga	104	98

Spesifikasjon av premiefond

Saldo 1.1.	62 488	57 362
Tilført premiefond	6 638	19 346
Uttak fra premiefond	-9 480	-14 220
Saldo per 31.12.	59 646	62 488

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødde før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødde frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlige helseføretak i KLP inngår i en fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet ble einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regelendringane er innarbeida i KLPs vedtekter. Regnskapsstiftelsen gav ut eigen rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane frå og med 2019. Delar av pensjonsreforma er framleis ikkje ferdig. Stortingets vedtak 50 (2021-2022) av 17. mars 2022 om endra regulering av løypande alderspensjonar er teke inn i berekningane frå og med 2022.

Regjeringa har i statsråd lagt fram Prop. 35 L (2023–2024) om endringar i lov om avtalefesta pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og enkelte andre lovar (ny avtalefesta pensjon). Forslaga gjeld i hovudsak ny avtalefesta pensjon (AFP) i offentleg sektor for tilsette som er fødte i 1963 eller seinare.

Lovforslaget inneber at AFP for tilsette i offentleg sektor blir endra frå å vera ei tidlegpensjonsordning til å bli ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda. Det vil medføra ei planendring når denne blir vedteken venteleg i april 2024.

Regjeringa og partane i offentleg sektor inngjekk 25.08.2023 avtala om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser. Den nye avtalen inneber at særalderspensjonen blir endra frå ei tidlegpensjonsordning for kulla fødd 1963 og seinare til eit livsvarig påslag til pensjonen for dei som går av tidleg (overgangsreglar for kulla fødd 1964 og 1965). Reglane antek ein at vert vedtekne i 2025.

Regjeringa har i Stortingsmelding 6 (2023-2024) kome med ei tilråding om å auke aldersgrenser, betre alderspensjonen til uføre og endra regulering av minstesatsar i folketrygda. Dersom dette blir vedteke vil ein naturleg konsekvens vera at desse endringane blir gjennomført samtidig i offentleg tenestepensjon. Avtalen om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper med særalders føreset at endringane foreslått i stortingsmeldinga blir vedtekne.

Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2023 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2024. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2023.

Demografiske føresetnader	31.12.2023	31.12.2022
Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021BE	KLP2021
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2021BE	KU2021
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang for sjukehuslegar og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	7,5	5	3	0

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik

I samsvar med god regnskapsskikk, nyttar Helse Vest reglane om “korridor” og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimataavvik utover “korridoren” resultatførast med 1/12-del.

NOTE 13

Anna langsiktig gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	2 002 618	1 804 928
Sum anna langsiktig gjeld	2 002 618	1 804 928

NOTE 14

Anna kortsiktig gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

	2023	2022
Leverandørgjeld	153 048	143 718
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	38 408	83 215
Skyldige feriepengar	54 949	49 149
Skyldig lønn	17 449	16 329
Anna kortsiktig gjeld	24 054	24 035
Sum kortsiktig gjeld	287 908	316 447

NOTE 15

Nærstående partar

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærstående partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapan. Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 2 og 3. Det vesentlegaste av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2023 utgjorde om lag 1 605 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sitter med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mb som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

NOTE 16

Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest*Alle tall i 1000 NOK.*

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	32 644		30 806	2 002 618
Sjukehusapoteka Vest HF	3 129		581	
Helse Bergen HF	68 254		5 929	
Helse Stavanger HF	41 876		384	
Helse Fonna HF	37 998		113	
Helse Førde HF	13 352		595	
Sum	197 253	0	38 408	2 002 618

Rapport om løn og anna godtgjersle for 2023

Oppsummering

Etter allmennaksjeloven § 6-16 b, som også er gjort gjeldande for føretak med statleg eigarandel, skal styret i føretaket kvart rekneskapsår utarbeide ein rapport som gir ei samla oversikt over utbetalt og inneståande løn og godtgjersle til leiande personer som vert omfatta av retningslinjer definert i 6-16 a. Rapporten oppfyller dei krav som går fram av "Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer".

Tabell 1 – Hovudelement i ordning for godtgjersle for leiargruppa

Godtgjersle	Kommentarer
Fast løn	Ved fastsettelse av løn til leiargruppa legg ein vekt på - Lønsutviklingen i føretaket generelt - Lønsutviklingen i samanlignbare stillingar - Resultatutvikling i forhold til de mål og krav styret har satt Lønsutviklingen i føretaket generelt har som målsetting å tilby leiarane konkurransedyktig løn, men samtidig bidra til moderasjon i leiarlønningane. Løn til administrerande direktør vert fastsatt av styret. Løn til leiargruppa for øvrig vert fastsatt administrativt.
Variabel løn	Føretakets leiargruppe har ingen variable lønns-elementer eller langtidintensivordninger
Pensjonsopptening	Administrerande direktør og leiargruppa for øvrig har ordinære pensjonsbetingelser.
Andre godtgjersler	
Forsikringer	Personal-, helse- og reiseforsikring ihht standard for øvrige ansatte i føretaket. Føretaket har ikke styreansvarsforsikring
Bilgodtgjersler	Ingen i leiargruppa har firmabil eller fast bilgodtgjersle.
Øvrige goder	Øvrige goder inkluderer avis, mobiltelefon og dekning av bredbåndskommunikasjon i samsvar med etablerte standarder
Avtalefesta permisjonar	Det er ikkje inngått avtaler om avtalefesta permisjonar
Lån og garantier	Det er ikkje gitt lån eller garantier til styreleiar, medlemmer av styret, administrerande direktør eller nokon andre i leiargruppa
Sluttvederlag	Det er ikkje inngått avtale med administrerande direktør om sluttavtale.

Helse Vest IKT AS definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar, HR-leiar og økonomisjef som leiande personell.

Helse Vest IKT AS følger retningliner for tilsettingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsatt 13.02.2015 av Nærings- og fiskeridepartementet) kor hovudprinsippet er at leiarløn i føretaka skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Tabell 2 – Løn og anna godtgjersle til leiande tilsette
Tal i heile (tusen) kroner

Navn på leiande tilsett og stilling	Regnskapsår	1. Fast Løn	2. Pensjonsopptening *)	3. Andre godtgjersler	4. Total godtgjersle	5. Ytelser fra andre føretak i konsernet	
						5.1 Løn	5.2 Anna godtgjersle
Kirkeluten, Ole Jørgen	2023	1 804	379	9	2 192		
Administrerande direktør	2022	1 713	423	6	2 143		
Andersen, Ørjan	2023	1 261	279	7	1 547		
Avdelingsleiar	2022	1 199	291	6	1 496		
Eldøy, Fredrik	2023	1 137	216	5	1 357		
Avdelingsleiar	2022	1 079	229	5	1 313		
Fagerli, Gjertrud	2023	1 259	255	5	1 519		
Avdelingsleiar	2022	1 197	257	5	1 459		
Flaten, Harald	2023	1 299	229	133	1 661		
Avdelingsleiar	2022	1 208	228	123	1 559		
Råheim, Vidar	2023	1 101	209	11	1 321		
Avdelingsleiar	2022	1 026	236	8	1 269		
Farestveit, Kristin	2023	1 076	237	7	1 320		
Konst. avdelingsleiar	2022						
Sætre, Pål Gaute	2023	1 084	236	8	1 329		
Konst. avdelingsleiar	2022						
Gulbrandsen, Ole Fredrik	2023	1 134	294	6	1 435		
HR-leiar	2022	1 078	349	6	1 432		
Nordland, Leif	2023	1 282	258	5	1 546		
Økonomisjef	2022	1 206	271	5	1 482		

*) Pensjonskostnad for leiande tilsette er utrekna som nåverdien av årets pensjonsopptening, verdien av at tilsette tener opp eit år meir pensjonsrettigheter, knytt til leiande tilsette sitt medlemskap i ordinære offentlege tenestepensjonsordning for tilsette i føretaket. Årets pensjonsopptening utgjer eit års andel av dei totale framtidige pensjonsrettighetane som er venta opptent frå innmelding i tenestepensjonsordninga til venta pensjonsalder. Det er anvendt dei forutsetningar som anvendes etter NRS 6 for måling av pensjonsordningas pensjonskostnadar i rekneskapsåret.

Tabell 3 – Samanlikningstabell total godtgjersle for leiande tilsette dei siste 5 år
Tal i heile (tusener) kroner og prosent

Årlig endring	Måleenhet	Endring frå foregående år				
		2019	2020	2021	2022	2023
Total godtgjersle for ledende ansatte						
Kirkeluten, Ole Jørgen *)	kroner				38	49
Administrerende direktør, 03.2021 - 12.2023	prosent				1,8 %	2,3 %
Andersen, Ørjan	kroner	39	0	58	96	51
Avdelingsleiar, 11.2011-12.2023	prosent	3,0 %	0,0 %	4,4 %	6,9 %	3,4 %
Eldøy, Fredrik	kroner	37	15	60	66	45
Avdelingsleiar, 04.2006 -12.2023	prosent	3,2 %	1,3 %	5,1 %	5,3 %	3,4 %
Fagerli, Gjertrud	kroner	36	-4	36	87	60
Avdelingsleiar, 02.2007 -12.2023	prosent	2,8 %	-0,3 %	2,7 %	6,3 %	4,1 %
Platen, Harald	kroner	61	19	70	110	102
Avdelingsleiar, 01.2005 -12.2023	prosent	4,7 %	1,4 %	5,1 %	7,6 %	6,5 %
Gulbrandsen, Ole Fredrik *)	kroner				44	3
HR-leiar, 03.2021 - 12.2023	prosent				3,1 %	0,2 %
Nordland, Leif	kroner	37	-10	39	56	63
Økonomisjef, 04.2013 - 12.2023	prosent	2,8 %	-0,7 %	2,8 %	3,9 %	4,3 %
Råheim, Vidar	kroner	19	-27	54	46	52
Avdelingsleiar, 09.2016 - 12.2023	prosent	1,6 %	-2,2 %	4,6 %	3,8 %	4,1 %
Farestveit, Kristin	kroner					
Konst. avdelingsleiar, 01.2023 - 12.2023	prosent					
Sætre, Pål Gaute	kroner					
Konst. avdelingsleiar, 01.2023 - 12.2023	prosent					
Vold, Vibeke *)	kroner				43	
Avdelingsleiar, 10.2021 -12.2022	prosent				3,2 %	
Granerud, Geir	kroner	55	-10	36		
Avdelingsleiar, 11.2010 - 12.2021	prosent	4,4 %	-0,8 %	2,8 %		
Hansen, Erik M. *)	kroner	26	38	89		
Administrerende direktør, 11.2003 - 03.2021	prosent	1,4 %	2,0 %	4,7 %		
Reksten, Alexandra *)	kroner			81		
Konst. Avdelingsleiar, 12.2021 - 12.2021	prosent			10,5 %		
Føretakets resultat						
Føretakets resultat	kroner	13 649	-16 581	13 945	-9 817	-16
	prosent	62 %	-197 %	171 %	-169 %	0 %
Gjennomsnittlig total godtgjersle for andre tilsette i føretaket enn leiande personell						
Gjennomsnittlig total godtgjersle for andre tilsette i føretaket enn leiande personell	kroner	17	11	26	35	23
	prosent	2,4 %	1,5 %	3,7 %	4,8 %	2,9 %

*) Årsjustering 2021/2022

Tabell 4 – Samanlikningstabell fast løn for leiande tilsette dei siste 5 år
Tal i heile (tusener) kroner og prosent

Årlig endring	Måleenhet	Endring frå foregående år				
		2019	2020	2021	2022	2023
Fast lønn for ledende ansatte						
Kirkeluten, Ole Jørgen *)	kroner				65	93
Administrerende direktør, 03.2021 - 12.2023	prosent				3,9 %	5,4 %
Andersen, Ørjan	kroner	33	19	30	69	64
Avdelingsleiar, 11.2011-12.2023	prosent	3,2 %	1,7 %	2,7 %	6,0 %	5,3 %
Eldøy, Fredrik	kroner	31	17	28	41	58
Avdelingsleiar, 04.2006 -12.2023	prosent	3,2 %	1,7 %	2,8 %	3,9 %	5,3 %
Fagerli, Gjertrud	kroner	32	18	30	89	62
Avdelingsleiar, 02.2007 -12.2023	prosent	3,1 %	1,7 %	2,8 %	8,0 %	5,2 %
Platen, Harald	kroner	52	14	47	94	101
Avdelingsleiar, 04.2006 -12.2023	prosent	4,6 %	1,2 %	3,9 %	7,6 %	7,6 %
Gulbrandsen, Ole Fredrik *)	kroner				41	58
HR-leiar, 03.2021 - 12.2023	prosent				3,9 %	5,3 %
Nordland, Leif	kroner	35	19	31	45	76
Økonomisjef, 04.2013 - 12.2023	prosent	3,2 %	1,7 %	2,8 %	3,8 %	6,3 %
Råheim, Vidar	kroner	30	16	41	40	79
Avdelingsleiar, 09.2016 - 12.2023	prosent	3,4 %	1,7 %	4,3 %	4,1 %	7,6 %
Farestveit, Kristin	kroner					
Konst. avdelingsleiar, 01.2023 - 12.2023	prosent					
Sætre, Pål Gaute	kroner					
Konst. avdelingsleiar, 01.2023 - 12.2023	prosent					
Vold, Vibeke *)	kroner				43	
Avdelingsleiar, 04.2006 -12.2022	prosent				3,9 %	
Granerud, Geir	kroner	33	17	29		
Avdelingsleiar, 11.2010 - 12.2021	prosent	3,3 %	1,6 %	2,7 %		
Hansen, Erik M. *)	kroner	17	27	46		
Administrerende direktør, 11.2003 - 03.2021	prosent	1,0 %	1,7 %	2,8 %		
Reksten, Alexandra *)	kroner			81		
Konst. Avdelingsleiar, 12.2021 - 12.2021	prosent			10,5 %		

*) Årsjustering 2021/2022

Godtgjersle til styret

Godtgjersle til styret vert satt fast av Generalforsamlinga.

Det vert satt fast styregodtgjersle for styremedlem, varamedlem og revisjonsutval. Styrets medlemmer gis fast honorar for dei ulike verv og utval. Varamedlem vert godtgjort per oppmøte.

Tabell 5 – godtgjersle til styret for rekneskapsåra
Tal i heile (tusen) kroner og prosent

Navn og stilling	Rekneskapsår	1. Honorar		2. Anna godtgjersle	3. Total godtgjersle	4. Ytelser fra andre foretak i konsernet	
		1.1 Styret	1.2 Revisjonsutvalg			4.1 Løn	4.2 Annen godtgjersle
Bryne, Inger Cathrine	2023	-	-	-	-	2 379	14
Styreleiar, 03.2020 - 12.2023	2022	-	-	-	-	2 269	13
Gjemdal, Eivind	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 01.2004 - 12.2023	2022	111	-	-	111	-	-
Krogstad, Beate Sander	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 06.2019 - 12.2023	2022	111	-	-	111	-	-
Hovland, Anders	2023	-	-	-	-	1 426	2
Styremedlem, 01.2023 - 12.2023	2022	-	-	-	-	-	-
Schøyen, Helle Kristine	2023	-	-	-	-	2 120	5
Styremedlem, 06.2021 - 12.2023	2022	-	-	-	-	2 024	5
Hansen, Eivind	2023	-	-	-	-	2 159	6
Styremedlem, 06.2021 - 12.2023	2022	-	-	-	-	2 094	5
Vården, Arve	2023	-	-	-	-	1 967	4
Styremedlem, 06.2019 - 12.2023	2022	-	-	-	-	1 870	4
Monstad, Lasse Erik	2023	-	-	-	-	-	-
Styremedlem, 01.2020 - 12.2022	2022	111	-	-	111	-	-
Sjøtun, Agnete	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 01.2013 - 12.2023	2022	111	-	-	111	-	-
Bakke, Silje Ljosand	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 11.2021 - 12.2023	2022	111	-	-	111	-	-
Hoell, Stian	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 01.2020 - 12.2023	2022	111	-	-	111	-	-
Nygård, Merethe	2023	111	-	-	111	-	-
Styremedlem, 01.2023 - 12.2023	2022	-	-	-	-	-	-

Tabell 6 – Samanlikningstabell godtgjersle for styret dei siste 5 år
Tal i heile (tusen) kroner og prosent

Årlig endring	Måleenhet	Endringar fra foregående år				
		2019	2020	2021	2022	2023
godtgjersle for styre	kroner	0	0	0	0	0
Bryne, Inger Cathrine	prosent	-	-	-	-	-
Styreleiar, 03.2020 - 12.2023	kroner	-	10	-	6	0
Gjemdal, Eivind	prosent	0,0 %	10,0 %	0,0 %	5,8 %	0,0 %
Styremedlem, 01.2004 - 12.2023	kroner	-	10	-	6	0
Krogstad, Beate Sander	prosent	0,0 %	10,0 %	0,0 %	5,8 %	0,0 %
Styremedlem, 06.2019 - 12.2023	kroner	0	0	0	0	0
Hovland, Anders	prosent	0	0	0	0	0
Styremedlem, 01.2023 - 12.2023	kroner	0	0	0	0	0
Klausen, Olav	prosent	0	0	0	0	0
Styremedlem, 06.2015 - 12.2022	kroner	0	0	0	0	0
Schøyen, Helle Kristine	prosent	0	0	0	0	0
Styremedlem, 06.2021 - 12.2023	kroner	0	0	0	0	0
Hansen, Eivind	prosent	0	0	0	0	0
Styremedlem, 06.2021 - 12.2023	kroner	0	0	0	0	0
Vården, Arve	prosent	0	0	0	0	0
Styremedlem, 06.2019 - 12.2023	kroner	0	0	0	6	-
Monstad, Lasse Erik	prosent	0,0 %	0,0 %	0,0 %	5,8 %	0
Styremedlem, 01.2020 - 12.2022	kroner	-	10	-	6	0
Sjøtun, Agnete	prosent	0,0 %	10,0 %	0,0 %	5,8 %	0,0 %
Styremedlem, 01.2013 - 12.2023	kroner	0	0	0	6	0
Bakke, Silje Ljosand	prosent	0	0	0	5,8 %	0,0 %
Styremedlem, 11.2021 - 12.2023	kroner	0	10	-	6	0
Hoell, Stian	prosent	0,0 %	10,0 %	0,0 %	5,8 %	0,0 %
Styremedlem, 01.2020 - 12.2023	kroner	0	0	0	0	0
Nygård, Merethe	prosent	0	0	0	0	0,0 %
Styremedlem, 01.2023 - 12.2023	kroner	0	10	0	-	-
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	prosent	0,0 %	10,0 %	0,0 %	-	-
Styremedlem, 01.2014 - 10.2021	kroner	0	10	-	-	-
Middtun, Ørjan	prosent	0,0 %	10,0 %	-	-	-
Styremedlem, 01.2015 - 12.2020	kroner	0	0	0	0	0

Føretakets leiarlønspolitikk

Helse Vest IKT AS har i 2022 og 2023 forma og forankra ein lønspolitikk. Vedteke lønspolitikk er drøfta i fleire omgangar, med tillitsvalte og i Arbeidsmiljøutvalet, og skal vere eit verkemiddel for å tiltrekke, utvikle og halde på kvalifiserte medarbeidarar. Lønspolitikken skal bidra til å gi medarbeidarar og leiarar ei løn som står i forhold til stillinga sitt ansvar og oppgåver, kvalifikasjonar og kompetanse, innsats og måloppnåing. Løn til leiarar er konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande innanfor IKT-sektoren. Løn til leiarar inngår i ordinært lønsoppgjør, og vert handsama innanfor same økonomiske rammar som for øvrige tilsette.

Helse Vest IKT AS følgjer «Retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap med statleg eigarandel», kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaka skal

vere konkurransedyktige, men ikkje lønsleiane samanlikna med tilsvarande føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er handsama og fastsett av styret i styresak 70/23 B, 08.12.2023. Løn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

Styreerklæring

Styret har i dag handsama og vedtatt rapport for godtgjersle til leiande personar til Helse Vest IKT AS for rekneskapsåret 2023.

Det er påsett at godtgjersle til leiande personar er i henhold til føretakets vedtekter (vert oppdatert i ekstraordinær Generalforsamling), Statens retningslinjer og leiarløn i selskap med statleg eigarandel, allmenaksjeloven §6-16a og b, forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjersle for leiande personar og krav til leiarlønspolitikk i Statens eigarskapsmelding (meld.ST. 6 (2022-2023)). Godtgjerslerapport vert lagt fram for Generalforsamlinga for endeleg vedtak.

Bergen, 14.03.2023		
Styret for Helse Vest IKT		
Inger Cathrine Bryne styreleder	Anders Hovland styremedlem	Eivind Hansen styremedlem
Eivind Gjemdal styremedlem	Helle Kristine Schøyen styremedlem	Beate Sander Krogstad styremedlem
Merethe Nygård styremedlem	Agnete Sjøtun styremedlem	Silje Ljosland Bakke styremedlem
Arve Varden styremedlem	Stian Hoell styremedlem	Ole Jørgen Kirkeluten administrerande direktør

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 07.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Leif Nordland
SAKA GJELD: **Utgreiing Openheitslova – aktsemdsvurdering 2023**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **007-24 B**

STYREMØTE: **14.03.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek Utgreiing Openheitslova 2023.

Oppsummering

Etter Openheitslova¹ §5 skal verksemdar greie ut for aktsemdsvurderingar etter §4. Føremålet med lova er å sikre at verksemdar fremjar respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved produksjon og levering av varer og tenester. Lova er eit verkemiddel i arbeidet med å fremje FN sitt bærekraftsmål.

Fakta

Helse Vest IKT AS skaffar i all hovudsak varer og tenester gjennom nasjonale og regionale avtalar inngått av Sykehusinnkjøp HF. Sykehusinnkjøp HF er, i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar, dei nasjonale og regionale helseføretaka sin innkjøpssentral. Sykehusinnkjøp HF er medlem av Etisk Handel Norge. Sykehusinnkjøp HF utfører aktsemdsvurderingar på anskaffingar for å førebygge risiko for brot, samt handtere faktiske brot på menneskerettar i leveransekjeda i samsvar med OECDs retningslinjer og i tråd med Openheitslova.

Kommentarar

Helse Vest har utarbeida ny prosedyre for gjennomføring av aktsemdsvurdering som følgjer prosedyren til OECD, og Helse Vest IKT vil nytta denne i aktsemdsvurderingar. Det er ikkje gjennomført lokale anskaffingar i 2023 med risikovurdering som tilseier at aktsemdsvurdering skulle vore gjennomført.

IKT anser risiko for brudd på menneskerettar som størst innanfor kjøp av IKT-utstyr. Alt kjøp av utstyr er gjennom nasjonale avtalar etablert av Sykehusinnkjøp HF.

Helse Vest IKT viser til aktsemdsvurderingar gjort av Sykehusinnkjøp HF.

Konklusjon

Administrerande direktør vurderer at Helse Vest IKT gjennom samarbeid med Sykehusinnkjøp HF fyller krav for aktsemdsvurderingar etter OECS sine retningslinjer.

Utgreiing Openheitslova – aktsemdsvurdering 2023

Oppsummering

Etter Openheitslova¹ §5 skal verksemdar greie ut for aktsemdsvurderingar etter §4. Føremålet med lova er å sikre at verksemdar fremjar respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved produksjon og levering av varer og tenester. Lova er eit verkemiddel i arbeidet med å fremje FN sitt bærekraftsmål.

Openheitslova forpliktar verksemdene til å gjennomføre aktsemdsvurderingar. Med aktsemdsvurdering meinast det systematisk arbeid med kartlegging og utgreiing av korleis risikoen for negativ påverknad blir handtert, førebygging og avgrensing av denne, samt læking av potensielle skadar valda på menneske, samfunn og miljø.

Krava til aktsemdsvurdering tek omsyn til FN sine prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP) og OECD sin modell for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv.



Verksemda

Helse Vest IKT AS er eit dotterselskap av Helse Vest RHF, eit regionshelseføretak for spesialisthelsetenesta i Vestland og Rogaland fylke. Selskapet har kontor i Førde, Bergen, Haugesund og Stavanger, og er leverandør av IKT-tenester og IKT-utstyr til alle føretaka i Helse Vest, samt til nokre private/ideelle aktørar som har avtale om levering av helsetenester til Helse Vest.

¹ («Lov om virksomhetars åpenhet og arbeid med grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold»)

Helse Vest IKT er delt inn i to stabsfunksjonar; HR og Fellestenester, og i seks avdelingar; Strategisk IKT, Verksemdsutvikling, Tenesteutvikling, Regionalt EPJ-fagsenter, IKT-fagsenter og Tenesteproduksjon. Administrerande direktør rapporterer til styreleiar, og styret har 10 styremedlemar i tillegg til styreleiar. Selskapet sitt øvste organ er generalforsamlinga.


Helse Vest IKT AS er plikta til å drive verksemda i tråd med dei etiske retningslinene i Helse Vest, samt følgje OECD sine retningslinjer for aktsemdsvurderingar.

Aktsemdsvurderingar 2023

Dette er den andre rapporten som er laga med utgangspunkt i Openheitslova sine krav, og er eit arbeid som vil gå over tid. Helse Vest IKT AS forpliktar seg til å fremje og respektere menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, og skal ta denne forpliktinga inn i etiske retningslinjer, samt retningslinjer for innkjøp.

Helse Vest IKT AS skaffar i all hovudsak varer og tenester gjennom nasjonale og regionale avtalar inngått av Sykehusinnkjøp HF. Sykehusinnkjøp HF er, i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar, dei nasjonale og regionale helseføretaka sin innkjøpssentral. Sykehusinnkjøp HF er medlem av Etisk Handel Norge, og samarbeider med andre store anskaffingsaktørar, som t.d. Statens Innkjøpssentral og Oslo Kommune, når det gjeld samfunnsansvar og aktsemdsvurderingar.

Sykehusinnkjøp HF nyttar denne modellen for aktsemdsvurderingar for ansvarleg og berekraftig forretningspraksis:



Sykehusinnkjøp HF utfører aktsemdsvurderingar på anskaffingar for å førebygge risiko for brot, samt handtere faktiske brot på menneskerettar i leveransekjeda i samsvar med OECDs retningslinjer og i tråd med Openheitslova. Les meir om aktsemdsvurderingar og

årleg utgreiing for Sykehusinnkjøp HF her: [Samfunnsansvar - Sykehusinnkjøp HF \(sykehusinnkjop.no\)](#).

Det er etablert kommunikasjonslinjer mellom Sykehusinnkjøp HF og Helse Vest IKT AS i samsvar med inngått samarbeidsavtale², og Helse Vest IKT AS sitt ansvar er å følgje opp i samsvar med denne. Dersom Helse Vest IKT AS har mistanke om brot på menneskerettar innan eit område Sykehusinnkjøp HF har inngått avtale på, skal mistanken varslast via e-post til avtaleforvaltning@sykehusinnkjop.no.

Helse Vest IKT AS sitt arbeid med samfunnsansvar og aktsemdsvurderingar ved kjøp av varer og tenester vert i hovudsak utført av Sykehusinnkjøp HF (for meir informasjon om dette, sjå deira utgreiingsrapport for 2023³). Sykehusinnkjøp HF har i fleire år jobba strukturert og målretta med etisk handel, og vedtok i 2017 ein policy for samfunnsansvar etter ein innspelsrunde i helseregionane.

Sykehusinnkjøp HF tek omsyn til samfunnsansvar m.m. i dei prosessar og rutinar som gjeld anskaffingar, og både kartlegg og avdekker negativ påverknad og risiko i samband med anskaffingar og etterfølgjande kontraktsforvaltning. Dei har òg identifisert risiko for negativ påverknad eller skade på menneske, samfunn og miljø, både i leverandørkjeda og når det gjeld forretningsforbindelsar. Sykehusinnkjøp har i 2023 jobba med å systematisere jobben som gjerast innan aksemdsvurderingar og fått nedfelt skriftleg informasjon. Leiinga i Sykehusinnkjøp HF har godkjent handlingsplan for samfunnsansvar.

I kartlegging av verksemdas verknad på menneske, dyr, samfunn og miljø i leverandørkjeda og gjennom forretningsforbindelsar handlar det først om å danne seg eit overordna risikobilete, for så å prioritere dei mest vesentlege risikoområda for grundigare kartlegging og handtering av funn.

Innanfor IKT-anskaffingar er spesielt IKT-hardware identifisert som eit risikoområde, med tema innanfor mogleg tvangsarbeid, helse, miljø og sikkerheit, spesielt med tanke på produkt frå Kina.

IKT er valt ut som eit prioritert område, da det er kjent for høg risiko på arbeidstakar- og menneskerettar i verdikjeda, og fordi markedet opplevast som lite opent om faktiske forhold i leverandørkjeda. IKT er også ein del av Sykehusinnkjøp HF sitt kategoriprogram for 2024.

Som eit ledd i arbeidet med aktsemdsvurderingar vil Helse Vest IKT AS ha dialog med Sykehusinnkjøp HF, med særleg fokus på vesentlege risikoområder og oppfølging av desse. Sykehusinnkjøp HF gjer djuptgåande risikoanalysar med tiltaksplan for kvar enkelt kategori gjennom kategoriprogrammet.

Ved anskaffingar der Sykehusinnkjøp HF ikkje inngår og forvaltar kontraktane har Helse Vest IKT ansvar for å fremje respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved å stille krav til våre leverandørar, og gjere aktsemdsvurderingar. Dette gjeld i hovudsak kjøp av varer og tenester der ikkje er oppretta innkjøpsavtale for, og gjeld for det meste norske leverandørar som har krav på seg til å følgje openheitslova. Det er i liten grad etablert tiltak for å sikre at Helse Vest IKT kan etterleve krava som blir stilt.

² (Tjenester 1.7.1 Samfunnsansvar).

³ «Redegjørelse rapporteringsåret 2023».

Tiltak for å betre dette er å nytte inngåtte innkjøpsavtalar, overvake avtaledkningsgrad og avtalelojalitet, samt gi betre informasjon og opplæring internt.

Helse Vest har utarbeida ny prosedyre for gjennomføring av aktsemdsvurdering som følgjer prosedyren til OECD, og inneheld seks steg:

1. forankre ansvar
2. kartlegg moglegheiter og negative konsekvensar
3. iverksett tiltak
4. følg opp tiltaka
5. kommuniser med interessentar
6. gjenoppretting

Helse Vest IKT vil nytta denne i aktsemdsvurderingar for anskaffingar som ikkje vert utført av Sykehusinnkjøp, og der risikovurdering tilseier at en bør gjennomføre vurdering. Helse Vest IKT har ikkje gjennomført eigne anskaffingar med ein risikoprofil som tilseier at ein skulle hatt aktsemdsvurderingar i 2023.

Helse Vest har i løpet av 2023 gjennomført fleire aktivitetar for å få betre kontroll på kjøp utanfor avtale:

- revidering av behovsprosessen som skal gi betre innsikt i kjøp utanfor avtale og iverksette målretta tiltak.
- utarbeida ny opplæring av medarbeidarar som bestiller og følgjer opp innkjøp, med fokus på ansvaret til den enkelte, og på kompetanse om regelverk og prosess.
- utarbeida rapportar for bestillarar slik at dei kan sjå avtalebruk per avdeling, og få betre analyser av avtaledkning.

I arbeid innan etisk handel, antikorrupsjon og samarbeid med leverandørar er det inngått regionale samhandlingsavtaler med LMI og Melanor som også kan nyttast som generelle retningsliner for samarbeid med alle leverandørar.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Styringsdokument for Helse Vest IKT for 2024**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **008/24 B**

STYREMØTE: 14.03.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek styringsdokument for 2024 for Helse Vest IKT til etterretning og legg føringane gitt i styringsdokumentet til grunn.*

Oppsummering

Viser til sak 017/23 B som vart handsama i styret for Helse Vest RHF i møte 13.02.2024. Styringsdokumentet for Helse Vest IKT for 2024, jfr. vedlegg 1, vart lagt fram til vedtak i styret i Helse Vest RHF.


Oppsummering

Styringsdokumentet for Helse Vest IKT AS for 2024 fylgjer strukturen som tilsvarende dokument for helseføretaka i Helse Vest frå tidlegare år. Administrasjonen har gjort ei overordna vurdering av styringsbodskapen. Det er i styringsdokumentet gitt ei rekkje oppdrag knytt til digitalisering og bidrag til nasjonale, inter-regionale og regionale prosjekt, samt prosjekt i Helse Vest IKT sin regi.

Det er også stort fokus på beredskap og sikkerheit med fokus på tiltak mot vondsinna dataangrep og truslar mot kritisk infrastruktur.

Konklusjon

Administrasjonen er av det syn at Helse Vest IKT vil kunne levere i tråd med føringane gitt i Styringsdokumentet for 2024.



Vedtatt i styremøte
Helse Vest RHF den
13. februar 2024

Styringsdokument 2024

Helse Vest IKT AS

1.	Innleiing.....	2
1.1	Overordna føringar	2
2.	Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik	5
3.	Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp..	7
4.	Bemanning, leing og organisasjon	7
4.1	Sjukefråvær	8
4.2	Beredskap og sikkerheit.....	8
4.2.1	Oppfølging av helseberedskapsmeldinga	9
4.3	Samfunnsansvar	9
4.3.1	Oversikt over utslippsbaner	9
4.3.2	Eigedom	10
4.4	Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon	10
4.5	Vidare utvikling av innkjøpsområdet	11
4.6	Overføring av oppgåver frå helseforvaltninga til dei regionale helseføretaka	11
5.	IKT-utvikling og digitalisering	12
5.1	Journal- og samhandlingsløysingar	13
5.2	Betre bruk av helsedata.....	15
5.3	Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt	15
5.4	Felles nettløysing for spesialisthelsetenesta (FNSP)	16
5.5	Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS	16
6.	Ressursgrunnlag og finansieringsmodell	17
6.1	Finansieringsmodell	17
6.2	Balansekrav.....	17
7.	Oppfølging og rapportering	18
7.1	Månadleg rapportering.....	18
7.2	Årleg melding	18
7.3	Årsrekneskap og årsberetning.....	19
	Vedlegg.....	20

1. Innleiing

Gjennom styringsdokumentet gir Helse Vest RHF helseføretaka og Helse Vest IKT AS styringsoppdrag for 2024. Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppdrag og resultatkrav. Helse Vest IKT AS må og gjere seg kjend med dei overordna føringane og styringsbodskapet i oppdragsdokument til Helse Vest RHF for 2024 og krav i føretaksprotokollar i 2024.

1.1 Overordna føringar

Hovudmåla til regjeringa er å vidareutvikle og styrke den felles helsetenesta vår og motverke sosiale og økonomiske helseforskjellar. Regjeringa sitt overordna mål for helse- og omsorgspolitikken er:

- God helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn
- Gode pasientforløp og rask tilgang til tenester i heile landet
- Helse- og omsorgstenesta er ein attraktiv arbeidsstad i eit livslangt karriereløp
- Berekraftig og rettferdig ressursbruk
- Helse- og omsorgssektoren er førebudd i møte med kriser og katastrofar

Regjeringa har sett i verk ei tillitsreform. Tillitsreforma er eit av fleire grep for å utvikle og fornye offentleg sektor. Sentrale mål i tillitsreforma er mellom anna å redusere unødvendige rapporterings- og dokumentasjonskrav og å gje meir fagleg fridom til førstelinja. Tillitsreforma er ikkje ei tradisjonell reform der regjeringa vedtek struktur og utforming og deretter gjev underliggjande verksemder melding om korleis ho skal gjennomførast. Innhaldet i reforma skal skapast i tett samspel med brukarar, tillitsvalde og leiing i alle offentlege verksemder. Arbeidet skal i hovudsak skje etter initiativ frå lokalt hald. Nasjonale tiltak knytte til tillitsreforma omhandlar mellom anna arbeid for reduksjon i rapporterings- og dokumentasjonskrav.

Helse Vest RHF har ansvar for at befolkninga i regionen får tilgang til spesialisthelsetenester slik dette er fastsett i lover og forskrifter. Dette skal skje innanfor dei ressursane som blir stilte til rådvelde i vedlegg 1 i oppdragsdokumentet. Det blir vist til Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2023–2024).

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Gode helsetenester krev gode prioriteringar. Prioritering handlar om å gje eit godt, rettferdig og likeverdig tilbod innanfor dei ressursane vi rår over. Regjeringa skal leggje fram ei ny prioriteringsmelding våren 2025. Meldinga skal mellom anna vurdere persontilpassa medisin, og sikre openheit og etterprøvbarheit rundt prioriteringar i helse- og omsorgstenesta. Dei regionale helseføretaka blir involverte i arbeidet med meldinga.

Pandemien gjorde det tydeleg at det er nødvendig med ein styrkt beredskap for å kunne handtere kriser og hendingar der vi får rask auke i talet på alvorleg sjuke som varar ved over tid. Dette arbeidet må vidareførast i 2024.

Pasientane skal få riktig og trygg behandling på rett stad til rett tid, og oppleve samanhengande pasientforløp med trygge overgangar. Regjeringa vil vidareutvikle det desentraliserte spesialisthelsetenestetilbodet gjennom samarbeid mellom store og små sjukehus og mellom spesialisthelsetenesta og kommunane, samt ved bruk av digitale løysingar. Helsefellesskapa som er etablerte mellom kommunar og sjukehus skal vere ei drivkraft for samarbeid om tenesteutvikling og felles planlegging. Samarbeidet skal særleg konsentrere seg om barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, eldre som er skrøpelege og personar med fleire kroniske lidingar. I den felles helse- og omsorgstenesta vår må vi sjå kompetanse og kapasitet i samheng og på tvers av kommunar og sjukehus, samt prøve ut meir integrerte tenestemodellar. Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om Nasjonal helse- og samhandlingsplan for Stortinget tidleg i 2024. Meldinga vil setje retning og samle regjeringa sine løysingar for den felles helse- og omsorgstenesta vår.

I møtet med helsetenesta skal pasientane oppleve openheit, respekt og medverknad i val av behandling og korleis denne blir gjennomført. Samval og høve for bruk av samvalsverktøy skal leggje til rette for meistring og aktiv deltaking frå pasienten når det gjeld val av undersøking- eller behandlingsmetodar, og er ei form for brukarmedverknad på individnivå. Pårande skal involverast der det er relevant, og deira kunnskap og erfaringar skal anerkjennast og brukast i pasientforløpa. God kommunikasjon mellom helsepersonell og pasient er grunnleggjande i alle pasientmøte og inneber også bruk av tolketenester når det er behov for det. Etniske minoritetar skal varetakast, og helsepersonellet sin kulturelle kompetanse skal styrkast slik at dette understøtter målet om likeverdige helsetenester for alle. Samiske pasientar sin rett til og behov for tilrettelagde tenester må etterspørjast og synleggjerast gjennom heile pasientforløpet. Helse Nord RHF har, i nært samarbeid med Sametinget og dei tre andre regionale helseføretaka, utvikla strategidokumentet *Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen* (2020). Arbeidet skal følgjast opp gjennom 4-årige tiltaksplanar med føremål å sikre kvalitet og utvikle kompetanse om samisk språk og kultur i spesialisthelsetenesta.

Dei regionale helseføretaka skal leggje til rette for forskning, innovasjon, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid, eit godt og trygt arbeidsmiljø og kompetanseutvikling hos personell. Helseføretaka skal syte for eit systematisk og målretta arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik til beste for pasientane, og forskning og innovasjon skal understøtte dette arbeidet. Arbeidet med pasienttryggleik skal ta utgangspunkt i visjon, mål og verkemiddel i rammeverk for betre pasient- og brukartryggleik som vil presenterast i Nasjonal helse- og samhandlingsplan, og [WHO sin globale handlingsplan for pasienttryggleik \(2021–2030\)](#).

Klinisk forskning skal vere ein integrert del av pasientbehandlinga. Utvikling, implementering og spreiding av teknologi, kunstig intelligens, nye arbeidsformer og meir presis diagnostikk og behandling gjennom innovasjon og næringslivssamarbeid, er sentralt for å skape ei berekraftig helseteneste for alle. Helseføretaka skal i denne samanhengen auke bruken av helsedata i forskning og innovasjon, samt leggje til rette for helsetenesteforskning og nye måtar helsetenester kan leverast på. Helse Vest RHF og helseføretaka skal vidare vere føreseielege samarbeidspartnarar for næringslivet, under dette bruke høva til innovative offentlege anskaffingar, der dette er relevant. Samarbeid med utdanningssektoren er viktig for kompetanseutvikling i spesialisthelsetenesta, og stør opp om arbeidet med å behalde, utdanne, rekruttere og utvikle personell.

Aktivitet og arbeidsdeltaking er helsefremjande og bidreg til inkludering. Helseføretaka skal bidra til at pasientar i spesialisthelsetenesta får tilbod om samtidige helse- og arbeidsretta tilbod i eit samarbeid med Nav, for å bli inkluderte i arbeidsliv eller skole.

Overordna strategi Helse 2035 og utviklingsplanar

Helse 2035 er den overordna verksemdstrategien for Helse Vest og legg føringar for korleis Helse Vest skal yte helsetenester og vareta samfunnsoppdraget i åra som kjem.

I 2022 blei regional utviklingsplan og lokale utviklingsplanar ferdigstilte. Utviklingsplanane tek verksemdstrategien eitt steg vidare og peikar på ønska utviklingsretning og overordna tiltak på kort og lang sikt. Styret i Helse Vest RHF vedtok i 2023 ein tiltaksplan til den regionale utviklingsplanen. Tiltaksplanen er eit overordna supplement til helseføretaka sine planer og ei rekkje andre regionale initiativ, medrekna regionale planar og program. Det er særleg lagt vekt på å få fram tiltak som er meint å frigjere ressursar til pasientretta verksemd og investeringar, og bidra til best mogleg tenester i regionen sett under eitt.

Utviklingsretning i Helse Vest

Spesialisthelsetenestene i Helse Vest skal vere kjenneteikna av våre verdiar: Respekt i møte med pasienten, kvalitet i prosess og resultat, og tryggleik for tilgjengelegheit og omsorg. For å vere i stand til å levere i tråd med desse verdiane er det avgjerande å halde fast på ein fagleg høg kvalitet og auke pasienttryggleiken.

For å behalde og leggje til rette for tilstrekkeleg fagleg kapasitet må det å behalde og leggje til rette for utvikling av medarbeidarar og rekruttering vere prioriterte område.

Det er nødvendig å redusere behovet for vekst i personellressursar dei neste tiåra. Digitalisering må i større grad støtte arbeidsprosessar som eit viktig bidrag for å unngå høgare ressursforbruk. Utviklings-, digitaliserings- og IKT-prosjekt som bidrar til å unngå høgare ressursforbruk vil bli prioritert.

For å sikre rett organisering og kapasitet i tilbodet fram mot 2035 er det nødvendig å styrke leiing, mellom anna ved å utvikle oppdaterte kunnskapsgrunnlag som løftar fram handlingsrom, strategiar og verknadsfulle tiltak.

Oppfølging av styringsbodskap

Fleire av oppdraga til Helse Vest RHF i oppdragsdokument og føretaksprotokollar må gjennomførast på regionalt og/eller interregionalt nivå og er ikkje omtalt i styringsdokumentet. Det er likevel forventa at Helse Vest IKT AS medverkar og/eller deltar i oppfølging når dette er nødvendig. Helse Vest RHF vil i desse tilfella komme tilbake med nærmare informasjon om medverknad/oppfølging for det einskilde føretaket.

Mange av dei oppdraga som er gitt i tidlegare års styringsdokument vil framleis krevje oppfølging utan at dei er spesielt nemnde i styringsdokumentet for 2024. Sjølv om det ikkje blir stilt krav om rapportering for desse områda vil status for arbeidet kunne bli etterspurt i oppfølginga av selskapet.

I løpet av 2024 vil det kunne komme supplerande eller nye styringskrav. Desse vil bli gitt selskapet i generalforsamling eller i form av eigne brev, og vil ikkje medføre at dette dokumentet blir revidert. Det er likevel viktig at desse krava blir integrert i styrings- og rapporteringssystema.

Deltaking i og oppfølging av regionale prosjekt

Når Helse Vest IKT AS blir bedd om å delta i regionale prosjekt, skal selskapet etter avtale stille nødvendige ressursar til disposisjon for å gjennomføre prosjekta.

Helse Vest RHF legg til grunn at Helse Vest IKT AS skal følgje opp tiltak i rapportar og andre resultat frå regionale arbeid og rapportere på tiltaka i samsvar med det som blir fastsett.

2. Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Norsk helseteneste skal vere prega av openheit og tillit, og dei tilsette skal oppleve psykologisk og fysisk tryggleik på arbeidsplassen. Arbeidet med å sjå arbeidsmiljø og pasienttryggleik i samanheng skal vidareutviklast. Det inneber at det blant anna blir bygd ein god tilbakemeldingskultur mellom leiarar og tilsette.

Helseføretaka skal bidra til at den offentlege helsetenesta syter for beredskap og tryggleik i kvardagen, samt tilgang på helsehjelp av høg kvalitet ut frå behov. Systematisk arbeid med pasientsikkerheit og kvalitetsforbetring er sentralt, og helseføretaka skal bidra til at helsetenesta unngår pasientskadar som kan førebyggjast og tidleg avdekkjer nye risikofaktorar. Arbeidet skal ta utgangspunkt i rammeverk for betre pasient- og brukarsikkerheit som vil presenterast i Nasjonal helse- og samhandlingsplan og WHO sin globale handlingsplan for pasienttryggleik (2021–2030).

Dei tilsette er den viktigaste ressursen til helsetenestene. Helseføretaka skal vidareføre det langsiktige, strategiske arbeidet sitt med å behalde, utdanne og rekruttere personell. Dette inneber å planleggje heilskapleg for å få tilgang til personell, og bruke deira kompetanse på best mogleg måte. Arbeidet skal bidra til at dei tilsette i norsk spesialisthelseteneste ligg i front fagleg

og såleis kan tilby gode og trygge tenester, samt riktig og effektiv behandling i heile landet. Arbeidet med heiltidskultur skal fortsetje. Det skal leggjast til rette for kompetanseoppbygging og føremålstenleg oppgåvedeling i verksemda og desentraliserte tilbod skal utviklast. Utdanninga av spesialistar skal dekkje behova i regionen og redusere at ein er avhengig av utanlandsk arbeidskraft. Det skal særleg leggjast vekt på behovet for nødvendig breidde- og generalistkompetanse, for å oppretthalde eit desentralisert tenestetilbod og for å gje god behandling til pasientar med samansette tilstandar over heile landet. Det skal vidare leggjast til rette for praksisplassar i grunnutdanningane og vidareutdanning i sjukepleie (ABIOK- og jordmorutdanningane).

Forskningsbasert kunnskap, pasient- og pårørandeerfaringar, kvalitetsmålingar, uønskete hendingar og data frå helseatlas og helse- og kvalitetsregister skal brukast aktivt i arbeidet med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik, samt for å redusere uønskt variasjon.

Informasjon i og frå spesialisthelsetenesta skal vere tilgjengeleg og forståeleg. Helseføretaka i Helse Vest skal byggje ein kultur for korrekt og inkluderande språk, som bidreg til trygge og nære helsetenester, godt samarbeid og effektiv ressursbruk.

Den felles helsetenesta vår blir utvikla gjennom forskning og innovasjon i samarbeid med næringslivet, ideelle aktørar og academia nasjonalt og internasjonalt. Auka bruk av helsedata og kunstig intelligens i helseforskning skal leggjast vekt på, og det skal stimulerast til kliniske studiar, helsetenesteforskning, forskningsbaserte kvalitetsforbetringssjektiv, innovasjon og næringslivssamarbeid. Offentleg finansiert forskning skal gjerast tilgjengeleg, og resultat frå studiar skal rapporterast. Klinisk forskning skal vere ein integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling, og pasientar og helsepersonell skal lett finne fram til studiar som er opne for deltaking. Det skal leggjast til rette for auka kunnskap om og strategiar for systematisk innføring og spreiding av løysingar gjennom implementeringsforskning.

Helseregionane er bedne om å auke intensivkapasiteten og styrke intensivberedskapen. Det er eit mål at sjukehusa får ein kapasitet som taklar naturlege variasjonar og ein beredskap som gjer at sjukehusa ved større krisar raskt kan skalere opp intensivkapasiteten.

Helseføretaka må sjå til at det er etablert system for innhenting av pasientars og andre brukarars erfaring og synspunkt der dette er relevant, i tråd med helseføretakslova § 35.

Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå, vedtatt av styra i dei regionale helseføretaka, blir revidert i løpet av 2024, og helseføretaka vil få nærare informasjon om implementering. Det same gjeld reviderte retningslinjer for brukarmedverknad i forskning, eit pågåande arbeid som blir leia av Helse Nord RHF.

Topp 5 risiko

Helse Vest RHF har saman med helseføretaka dei siste åra arbeidd mykje med risikostyring og prosjekta innanfor topp 5 risiko. Det regionale nettverket for risikostyring har mellom anna arbeidd med å få på plass eit IKT-verktøy til bruk i risikostyring.

Det blei i 2023 utarbeidd ein prosess for korleis topp 5 risiko skal identifiserast og veljast ut. I slutten av 2023 blei dei fleste områda for topp 5 risiko avslutta, og føretaka blir bedne om å følgje opp tiltaka i rapportane topp 5 frå 2023.

Helseføretaka har meldt inn nye forslag til topp 5 risiko. Dei nye områda vil bli peikt ut våren 2024. Arbeidet med dei nye utvalde risikoområda vil starte i 2024 med ei målsetning om å ta ned risiko.

3. Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Rask tilgang til helsetenester inneber at pasientar skal oppleve å få riktig behandling i rett tid i alle ledd i helsetenesta, og rask tilgang på nye behandlingsmetodar. System for Nye metodar skal kontinuerleg utviklast for å bidra til rask innføring av trygge og kostnadseffektive behandlingsmetodar og til at metodar utan tilstrekkeleg effekt kan fasast ut.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om akuttmedisinske tenester som omfattar heile akuttkjeda, under dette responstider og ein fagleg standard for innhaldet i ambulansetenesta. Ambulanseberedskapen skal sikrast, særleg der det er lange avstandar til sjukehus.

Ideelle sjukehus skal inkluderast som likeverdige partar i plan- og utviklingsarbeid. Helseføretaka skal leggje til rette for godt samarbeid om pasientar som treng hjelp frå ulike delar av helsetenesta, både internt i spesialisthelsetenesta og i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Nye arbeids- og samarbeidsformer, som digital heimeoppfølging, skal takast i bruk for å gje eit meir tilpassa tenestetilbod. Det skal arbeidast med strukturar for å understøtte gode og samanhengande pasientforløp, samt for distriktsmedisinske og lokalmedisinske senter. Vidare skal det samarbeidast med kommunar om å utvikle intermediære tilbod og tilbod ved helsehus, slik at ein kan gje tilbod om fleire behandlingstilbod ute i kommunane og nær der folk bur.

4. Bemanning, leiging og organisasjon

Regjeringa er opptatt av å vidareføre arbeid som sikrar eit godt og trygt arbeidsliv, også for spesialisthelsetenesta sine mange tilsette. Som tidlegare må helseføretaka arbeide aktivt og systematisk både med god ivaretaking av sine medarbeidarar, og ha planar for å behalde, utdanne og rekruttere personell. Arbeidet med heiltidskultur er og viktig. Ein viser til tidlegare krav, og legg til grunn at det blir gitt særskild merksemd til arbeidsmiljø, medarbeidarane si psykiske helse og medarbeidarane si arbeidsbelastning. Vidare må ein arbeide for å førebygge vald og seksuell trakassering av tilsette.

Helsepersonellkommissjonen sin rapport viser behov for betydeleg innsats innan bemanningsområdet i alle helseregionar. I dette arbeidet må ein og rette merksemd mot å behalde, ivareta og motivere leiarar i og av helseføretak. Det blir vist til oppdrag i styringsdokument 2023 om innleige og redusert vikarbruk, og det blir lagt til grunn at det framleis er høg merksemd om disse krava.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- sørge for at alle medarbeidarar blir tatt i vare på ein god og forsvarleg måte i alle endringsprosessar, både når det gjeld byggeprosessar og andre prosessar.

4.1 Sjukefråvær

Sjukefråværet ser ut til å ha festa seg på et urovekkande høgt nivå etter pandemien. Dette gjeld i alle regionar. Det er behov for forsterka innsats og auka merksemd for å redusere sjukefråværet. Det er og av betydning for bemannings situasjonen og behovet for innleige.

Dei regionale helseføretaka skal samarbeide og utveksle erfaringar på tvers av helseregionane om vellykka tiltak som bidrar til førebygging og reduksjon av sjukefråvær.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- forsterke innsatsen for å redusere sjukefråværet. Tilgjengelege tiltak som kan utløyast i samarbeid med NAV må stillast til disposisjon for leiarar og medarbeidarar. Tidleg innsats vil vera avgjerande for å redusere sjukefråværet. Leiarar må få nødvendig opplæring i bruk av analyseverktøy i GAT som bør nyttast. Openheit om korleis sjukefråværet er i den einskilde eining må vere del av avdelingsmøte. Forbetring kan og gi viktig informasjon som kan nyttast for å førebygga sjukefråvær. Det blir i denne samanheng vist til styresak 110/23 til styret i Helse Vest med vedlegg.
- ta i bruk dei støtteordningar som finst hos NAV Arbeidslivssenter.

4.2 Beredskap og sikkerheit

Det er behov for å styrke helsetenesta sin motstandsdyktigheit mot sikkerheitstruande hendingar og kriser, jf. krigen i Ukraina, NATO si forventning til medlemsland om motstandsdyktigheit, situasjonen i Midt-Østen og EU si vektlegging av motstandsdyktigheit, jf. [NIS 2-](#) og [CERdirektiv](#).

Det blir vist til tidlegare stilte krav om å følgje opp med tiltak knytt til utpeika skjermingsverdige verdiar, utvikling av operative beredskapsplanar koordinert med Forsvaret i heile krisespekteret, deltaking i internasjonale innsatsteam og kapasitetar, samt etablering av nasjonalt begrensa nett (NBN) i underleggjande helseføretak og utpeika verksemdar i spesialisthelsetenesta. Det siste skal skje i samarbeid med Norsk helsenett SF.

4.2.1 Oppfølging av helseberedskapsmeldinga

Det blir vist til målet om å utvikle ein motstandsdyktig og fleksibel helseberedskap, jf. Prop. 1 S (2023–2024) og Meld. St. 5 (2023–2024) *En motstandsdyktig helseberedskap*. Det blir vidare vist til endringar i det internasjonale trusselbildet.

For å sikre betre strategisk styring og samordning i helsesektoren sitt arbeid med sikkerheit, beredskap og krisehandtering, blir det etablert ein ny modell for helseberedskapsarbeid i det daglege og i kriser. Modellen består av eit nytt helseberedskapsråd og sekretariat leia av Helse- og omsorgsdepartementet, rådgivande ekspertutval for helsekriser og seks utval på etatsnivå. Utval for sivil-militært helseberedskapssamarbeid skal vidareutviklast og det same gjeld utval for smittevern. I tillegg skal det etablerast eit utval for digital sikkerheit. Desse utvala skal leiast av Helsedirektoratet.

Det blir vist til tidlegare stilte krav om oppfølging av Riksrevisjonen sin revisjon av helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-system, jf. Dokument 3:2 (2020–2021) og til tidlegare krav om å arbeide systematisk med innføring av Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit. Det er viktig at helseføretaka fører vidare arbeidet med å følgje opp krava som blei stilt for 2023 om forebyggjande tiltak og tiltak for å handtere og gjenoppbygge funksjon etter tilsikta eller utilsikta hendingar mot eigen infrastruktur, IKT-system og viktige verdiar.

Dei regionale helseføretaka er gitt følgjande oppdrag i 2024:

- å delta i utval for sivil-militært helseberedskapssamarbeid, utval for digital sikkerheit, utval for smittevern og utval for forsyningssikkerheit av medisinske produkt, samt ved behov bidra til arbeidet i utval for forsyning av vatn og Kriseutvalet for atomberedskap.

Helseføretaka og Helse Vest IKT AS kan bli bedne om å bidra inn i dette arbeidet.

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS, i samarbeid med helseføretaka, om:

- at tiltak for beskyttelse mot vondsinna dataangrep og truslar mot kritisk infrastruktur blir vidareutvikla i tråd med trusselbildet og basert på gjennomførte analysar av risiko- og sårbarheit.

4.3 Samfunnsansvar

4.3.1 Oversikt over utslippsbaner

Det blir vist til kapittel 4.4 i styringsdokument 2023 om *Samfunnsansvar og staten sine forventningar i eierskapsmeldinga*.

I styringsdokument 2023 blei helseføretaka og Helse Vest IKT AS bedne om å følgje opp staten sine forventningar i Meld. St. 6 *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper* (eierskapsmeldinga). I meldinga er omsynet til berekraft i staten sine mål

som eigar tydeleggjort og forsterka. Det er mellom anna forventa at selskapa rapporterer på klimagassutslepp og klimarisiko.

Ein viser vidare til at dei regionale helseføretaka har vedtatt felles klima- og miljømål med indikatorar i spesialisthelsetenesta. Som hovudmål skal spesialisthelsetenesta innan 2030 redusere (direkte) utslepp av CO₂-ekvivalenter (CO₂e) med 40 pst. Det langsiktige målet er klimanøytral drift av spesialisthelsetenesta innan 2045. I arbeidet med å nå desse måla vil det vere hensiktsmessig å utarbeide ei oversikt over utsleppsbaner for korleis ulike tiltak vil påverke framtidig samla CO₂-utslipp for spesialisthelsetenesta.

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- fortsette arbeidet med å følgje staten sine forventningar som kommer fram i eierskapsmeldingen.
- bidra inn i arbeidet med å utarbeide ei oversikt over utsleppsbaner for korleis ulike tiltak vil påverke framtidig samla CO₂-utslipp for spesialisthelsetenesta.

4.3.2 Eigedom

Klima- og miljøperspektivet vil få større fokus i alt me gjer i tida framover. Eit tiltak for å redusere klimautsleppa er å gjenbruke meir av det som allereie er produsert. Innanfor byggjeprojekt og eigedomsforvaltning vil det gjelde både byggjemateriale og laust utstyr som til dømes møblar. Skal me lukkast med å auke gjenbruken, er det viktig å etablere gode system når det gjeld alt frå kunnskap om innhald i materiala i det som skal gjenbrukast, system for oppbevaring fram til det kan gjenbrukast, og så bortover.

4.4 Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon

Regjeringa valte i 2023 konsept for innkjøp og forvaltning av ei framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon for nødetatane og andre aktuelle brukarar. For spesialisthelsetenesta vil dette først og fremst gjelde AMK, akuttmottak og ambulansetenester. For kommunane vil ny løysing bli tatt i bruk av legevaktsentralar og leger i vakt, men og av nye brukarar i omsorgstenestene. Helsetenesta sin driftsorganisasjon for naudnett HF har frå 2019 deltatt i arbeidet, saman med Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF.

Justis- og beredskapsdepartementet har sommaren 2023 gitt Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap i oppdrag å igangsette eit forprosjekt for å førebu innkjøp og implementering av ny løysing. Helseaktørane nemnt over må delta i dette forprosjektet, og sette av ressursar til aktivitetar i arbeidet for å sikre framdrift og deltaking frå helsetenesta.

Dei regionale helseføretaka er gitt følgjande oppdrag i 2024:

- å bidra i Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap sitt forprosjekt om framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon, og førebu seg på å utvikle og implementere nye tenester innan sitt ansvarsområde gjennom bruk av ny løysing.

Helse Vest IKT AS kan bli bedne om å bidra i dette arbeidet.

4.5 Vidare utvikling av innkjøpsområdet

Sjukehusinnkjøp HF skal understøtte spesialisthelsetenesta sine behov for innkjøpstenester og er ein viktig bidragsytar for at spesialisthelsetenesta skal nå sine mål. Saman med helseføretaka skal Sjukehusinnkjøp HF bidra til kvalitative, økonomiske og samfunnsmessige gevinstar innanfor alle innkjøpskategoriar i spesialisthelsetenesta. Dette er viktig for at samfunnet skal få mest mogleg igjen for dei økonomiske ressursane som blir tildelt spesialisthelsetenesta. Det inneber at tenesta i størst mogleg grad må samordne innkjøp på riktig nivå, hente ut synergjar, vere lojale til etablerte avtaler og likebehandle leverandørar. Dei regionale helseføretaka må følgje opp dette, og at det blir prioritert både med omsyn til ressursar og gjennom aktiv leing.

I tillegg til å bidra til økt økonomisk handlingsrom for spesialisthelsetenesta, er det viktig at Sjukehusinnkjøp HF bidrar i internasjonalt samarbeid innanfor innkjøp, etisk handel og miljø (samfunnsansvar). Samarbeidet innan miljøområdet bør rettast inn mot andre land som arbeider for klimanøytral drift, og innebere samarbeid om initiativ for å redusere indirekte utslepp ved å velgje leverandørar som arbeider med validerte og vitskaplege klimamål.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- prioritere arbeidet med oppfølging av tiltak for å styrke gevinstrealiseringa innan innkjøpsområdet.
- leggje til rette for at Sjukehusinnkjøp HF bidrar i internasjonalt samarbeid innanfor innkjøp, etisk handel og miljøområdet (samfunnsansvar).

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- prioritere og følgje opp lokalt arbeid med tiltak for å styrke gevinstrealisering innan innkjøpsområdet.

4.6 Overføring av oppgåver frå helseforvaltninga til dei regionale helseføretaka

I samband med prosjektet «gjennomgang av organisering, roller og ansvar i den sentrale helseforvaltninga» blei det foreslått at ansvar for utvikling og oppdatering av enkelte nasjonale faglege retningslinjer, rettleiarar og faglege råd kan overførast frå sentralforvaltninga til dei regionale helseføretaka. Helse- og omsorgsdepartementet har vedtatt å gi likelydande oppdrag til dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet om i fellesskap å vurdere kva for nasjonale faglege retningslinjer, rettleiarar, faglege råd og ev. andre oppgåver som kan overførast. Arbeidet er avgrensa til produkt som er relevante berre for spesialisthelsetenesta.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å delta i eit arbeid under leing av Helsedirektoratet om å vurdere kva for faglege retningslinjer, rettleiarar, faglege råd og ev. andre oppgåver som kan overførast til spesialisthelsetenesta. Arbeidet må avklare kva for status dei ulike faglege produkta vil ha. Arbeidet må også omfatte kartlegging av økonomiske og administrative konsekvensar, samt ei tilråding om korleis ei slik overføring kan gjennomførast. Frist for leveranse er sett til 1. oktober 2024. Helse Vest IKT AS kan bli bedne om å bidra i dette arbeidet.

5. IKT-utvikling og digitalisering

Digitalisering skal støtte opp under dei helsepolitiske måla, og bidra til å nå hovudmåla i Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Bruk av teknologi og samhandlingsløysingar skal gi betre og meir effektiv pasientbehandling gjennom enklare tilgang til relevant informasjon og god støtte i arbeidsprosessane.

Helseføretaka skal prioritere innføring av nasjonale digitale samhandlings-løysingar og gi helsepersonell tilgang til gode arbeidsverktøy som bidrar til ein meir effektiv og trygg arbeidsdag og styrka pasientsikkerheit.

Digitaliseringsarbeidet skal ha ei stegvis tilnærming for å redusere risiko og kompleksitet, og leggje til rette for ein raskare realisering av nytte for helsepersonell og innbyggjarar. Igangsette nasjonale tiltak skal fullførast for å få ut effektane av investeringane.

Dei regionale helseføretaka legg vekt på at felles oppdrag og felles planarbeid har vore ein drivar for meir samarbeid mellom regionane. Dei regionale helseføretaka har arbeidd målretta med innføring av journal- og kurvesystem, jf. *Felles plan for IKT-utvikling og digitalisering 2023*.

Det skal rapporterast på oppdraga under pkt. 5.1 og 5.2 i oppdatert *Felles plan 2024* innan 15. oktober 2024. Det skal liggje føre eit første utkast til felles plan 15. september 2024. Som del av felles plan skal det liggje føre oppdaterte planar for utprøving og innføring av pasienten sine journaldokument og pasientens prøvesvar, og det skal leggest fram ei oversikt over planlagde oppgåver påfølgande år. Neste års plan bør vidare ta omsyn til strategien for digitalisering som blir lagt fram i Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Dette inneber mellom anna at ein skal beskrive behov og tiltak for meir effektiv samhandling med primærhelsetenesta innan digitaliseringsområdet, medrekna korleis helsefelleskapa kan bidra til å understøtte dette. Helse Sør-Øst RHF, Helse Vest RHF og Helse Nord RHF er blitt bedne om å beskrive felles strategi og tiltak der det er relevant inn mot felles leverandørar.

Utviklingsarbeid knytt til styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest

Endring av *styringsstrukturen* for digitalisering er eit viktig grep ved overgangen frå gjennomføring av store program for innføring av nye løysingar/system til eit *kontinuerleg* arbeid med *forenkling og forbetring av eksisterande* arbeidsprosessar og løysingar.

I 2023 er Digitaliseringsstyret etablert, og områdestyrer har fått tildelt sine område for oppfølging av pågåande og nye initiativ innanfor digitalisering.

Strategi for digitalisering blei godkjent av Digitaliseringsstyret i desember 2023. Denne gir føringar og rammer for arbeidet. Det er i strategien peikt på ambisjonar for arbeidet og peikt på strategiske innsatsområde, som til dømes kontinuerleg forbetring og forenkling av etablerte løysingar.

Det er derfor viktig med erfaringar frå den nye styringsstrukturen, gjennomføre systematisk oppsummering av erfaringane, lære av dette og gjere justeringar i styringsstrukturen, slik at styringa blir forbetra og tilpassa behova over tid.

Helseføretaka skal styrke innsatsen med å ta i bruk digitale løysingar. Særleg skal helseføretaka sørge for at dei IKT-løysingane som er tilgjengelege blir nytta best mogleg, og ta i bruk nye løysingar som bidrar til å bevare kvaliteten og auke pasientsikkerheita. Bruk av digitale løysingar skal også bidra til å redusere vekst i personellbehov. Føretaka skal leggje konkrete planar for korleis dei betre kan nytte/ta i bruk allereie tilgjengelege løysingar for å sikre at moglege effektar blir realisert, og vidare leggje planar for korleis dei vil leggje til rette for å ta i bruk nye løysingar.

5.1 Journal- og samhandlingsløysingar

Alle dei regionale helseføretaka rapporterer om god framdrift i arbeidet med modernisering av sine journalløysingar og at Helse Midt-Noreg RHF har kome lengst med å ta i bruk felles standardisert språk og strukturert journal på sentrale område. Dei regionale helseføretaka skal i 2024 prioritere framdrift i arbeidet med pasientens legemiddelliste, pasientens journaldokument, pasientens prøvesvar og deling av kritisk informasjon i kjernejournal, inkludert nødvendige tillitstenester. Dei regionale helseføretaka er bedne om å leggje følgjande til grunn i det vidare arbeidet for betre journal- og samhandlingsløysingar:

Pasientens prøvesvar:

- levere oppdaterte planar for utprøving og innføring av tiltaket.
- Helse Sør-Øst RHF, Helse Vest RHF, Helse Nord RHF og Helse Midt-Norge RHF skal samordne prioritering av nødvendig funksjonalitet for tilgangsbegrensing som er tilstrekkeleg for sikker deling av prøvesvar.
- bidra til ein felles plan og beskriving av pasientens prøvesvar som inkluderer ende-til-ende løysing.
- prioritere arbeidet i eigne føretak for å bidra til at utprøving med formål helsehjelp startar så fort det er forsvarleg og mogleg.

Pasientens journaldokument:

- leggje til rette for bruk av *pasientens journaldokument* i alle regionar. Helse Sør-Øst RHF skal ha ei leiarrølle i arbeidet på vegner av dei regionale helseføretaka.
- levere oppdaterte planar for utprøving og innføring av tiltaket.
- samarbeide med avtalespesialistane for å leggje til rette for å dele dokument med og konsumere dokument gjennom tenesta pasientens journaldokument.
- bidra i arbeidet med å vurdere felles reglar for tenesta pasientens journaldokument.
- delta og samarbeide om å vidareutvikle tillitsrammeverket for å dekke andre behov for digital samhandling.

Pasientens legemiddelliste:

- Helse Sør-Øst RHF og Helse Midt-Norge RHF skal leggje til rette for å støtte *pasientens legemiddelliste* og for betre samsvar mellom legemiddelinformasjon i epikriser og e-reseptar.
- Helse Vest RHF skal starte innføring av *pasientens legemiddelliste* i kommunane i opptaksområdet til Helse Bergen HF.
- Helse Nord RHF skal leggje planar og starte utprøving av tenesta pasientens legemiddelliste saman med minst éin kommune.

Pasientens måledata:

- Helse Sør-Øst RHF skal på vegner av dei regionale helseføretaka ha ei leiarrolle i arbeidet med *pasientens måledata* og blir bedt om å delta i utprøving av deling av måledata (digital heimeoppfølging og velferdsteknologi) i 2024. I utprøvinga skal det leggast vekt på samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta.

Pasientens kritiske informasjon:

- Helse Vest RHF skal på vegner av dei regionale helseføretaka ha ei leiarrolle i arbeidet med *pasientens kritiske informasjon*.
- Helse Vest RHF skal ta i bruk API for kritisk informasjon i kjernejournal og evaluere utprøving av dette.
- bidra i arbeidet med revisjon av normerande produkt for kritisk informasjon.
- levere oppdaterte planar for utprøving og innføring av API for kritisk informasjon.

Digitalt helsekort for gravide:

- Helse Sør-Øst RHF skal på vegner av dei regionale helseføretaka delta i utprøving av digitalt helsekort for gravide i 2024.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området, med særleg vekt på;
 - Den nasjonale e-helsestrategien
- bidra til det interregionale samarbeidet på IKT-området i prosjekt der Helse Vest er hovudsamarbeidspart, mellom anna; Pasienten si legemiddelliste, Kritisk informasjon, AMK IKT, prehospital EPJ.
- aktivt delta i det interregionale samarbeidet om vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar.
- aktivt delta i arbeidet med Felles plan for digitalisering for 2024, i den hensikt å sikre lokale og regionale bidrag inn i det interregionale og nasjonale samarbeidet om digitalisering.
- følgje opp Strategi for digitalisering i Helse Vest.
- bidra med nødvendige endringar og tilpassingar i eigen organisasjon og i samarbeidet i føretaksgruppa for å etablere den nye styringsstrukturen for digitalisering, slik at effekten av ny struktur kan hentast ut så snart som mogleg.
- bidra til forbetningsarbeid i lys av Riksrevisjonen sine undersøkingar om "*Utnyttelse av IT-system i sykehus*", og følgje opp hovudfunn, vurderingar og anbefalingar
- følgje opp strategi og handlingsplan for digitale helsetenester 2023-2026 .
- delta i utvikling av nye digitale behandlingsprogram. Helseføretaka skal vesentleg auke bruken av digitale behandlingsprogram i pasientbehandlinga.

5.2 Betre bruk av helsedata

Ein viser til dei regionale helseføretaka sine bidrag i Folkehelseinstituttet sitt arbeid med å utvikle Helsedataservice med tilhøyrande tenester. Formålet er å leggje til rette for enklare tilgang til og meir bruk av data frå dei medisinske kvalitetsregistra.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- innføre fellestenester som felles søknadsskjema i prioriterte medisinske kvalitetsregistre og leggje til rette for at brukarane tar tenestene i bruk.
- rapportere og oppdatere metadata frå kvalitetsregistre i tråd med nasjonal spesifisering for metadata til nasjonal variabelkatalog.
- harmonisere prioriterte registervariablar i kvalitetsregistre, jf. oppdrag til Helsedirektoratet om å gjennomføre harmonisering av nærare bestemte registervariablar som er prioriterte av aktørane i sektoren.
- bidra i arbeidet med etablering av ein modell for nasjonal informasjonsforvaltning, jf. oppdrag til Helsedirektoratet om å etablere ein modell for koordinering av nasjonal informasjonsforvaltning som beskriv oppgåver og ansvar for aktørane, og dekkjer heile verdikjeda frå primærdokumentasjon av helsehjelp til sekundærbruk.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- følgje opp arbeidet med betre bruk av helsedata i tråd med dei føringar som er gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet og Direktoratet for e-helse.

5.3 Digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt

Dei regionale helseføretaka blei i 2023 bedne om å vidareføre arbeidet med ei trinnvis utvikling og implementering av løysing(ar) for digitalt samtykke til forskingsprosjekt. Dei regionale helseføretaka leverte ein rapport 13. desember 2023 og har utarbeidd eit løysingsforslag for digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt. Det vil vere behov for å fortsette arbeidet i 2024, inkludert å utarbeide ein plan for finansiering og administrative konsekvensar.

Dei regionale helseføretaka er bedne om å:

- fortsette arbeidet med trinnvis utvikling og implementering av digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt, i tråd med forslaget i rapport av 13. desember 2023. Det blir lagt til grunn at brukarar av løysinga blir involvert på eigna måte. Det blir bede om ein rapport om framdrifta innan 1. mai 2024.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til det interregionale samarbeidet om digital samtykkeløysing for forskingsprosjekt, der pasientinformasjon blir registrert via helsenorge.no.

5.4 Felles nettløysing for spesialisthelsetenesta (FNSP)

Helseføretaket, med underliggjande verksemd, skal som hovudregel ha nettstadene sine på plattformen felles nettløysing for spesialisthelsetenesta (FNSP). Dette for å kunne vareta nasjonal og regional deling av innhald, krav til personvern, universell utforming og informasjonstryggleik.

Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT AS om å:

- kartleggje og gjennomføre risikovurdering for nettstader som har andre publiseringsløyser enn FNSP. Nettstader som inneheld informasjon til pasientar og pårørande skal prioriterast for flytting til FNSP, i utgangspunktet som undersider til helseføretaket som eig innhaldet. Dernest skal sider med innhald som gjeld å behalde og rekruttere medarbeidarar, forskning, utdanning og opplæring av helsepersonell, bli flytta. Nye, eigne nettstader kan vurderast oppretta som unntak, ved særlege tilfelle og etter avklaring med Helse Vest RHF.

5.5 Spesifikt styringsbodskap til Helse Vest IKT AS

Helse Vest IKT AS skal sørge for trygg og god forvaltning og drift av den samla systemporteføljen i føretaksgruppa. Helse Vest IKT AS skal vere ein bidragsytar med sikte på ytterlegare samordning av IKT i føretaksgruppa.

Leveransane frå Helse Vest IKT AS skal gi auka kvalitet, auka effektivitet, auka kompetanse og betra tryggleik. Konkrete forventningar til leveransane frå Helse Vest IKT AS går også fram av gjeldande [Tjenesteavtaler \(SLA\)](#).

Det blir lagt stadig meir vekt på heilskap og samanheng i prosessar, både når det gjeld pasientforløp og når det gjeld interne arbeidsprosessar. Helse Vest IKT AS skal medverke til at system- og prosesstøtte heng godt saman som ein heilskap. Dette inkluderer både eigne ITIL¹-prosessar, arkitekturarbeidet og porteføljeprosessane inkludert endrings- og gevinstarbeid.

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- bidra aktivt til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området i tråd med og innanfor dei føringane som går fram av kapittel 5.1, 5.2 og 5.3.
- ha eit særleg fokus på arbeidet med IKT-sikkerheit for føretaksgruppa Helse Vest RHF, jf. kapittel 4.1.1.
- delta aktivt i arbeidet med gjennomføring av Strategi for digitalisering i Helse Vest.
- delta aktivt i arbeidet med vidareutvikling av ny styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest.
- bidra med nødvendige endringar og tilpassingar i eigen organisasjon og i samarbeidet i føretaksgruppa for å etablere den nye styringsstrukturen for digitalisering, slik at effekten av ny struktur kan hentast ut så snart som mogleg.

¹ ITIL, Information Technology Infrastructure Library, skildrar dei ulike områda for arbeidsprosessar hos ein IT-leverandør.

- følge opp gjennomføring av det regionale programmet Byggstøtte IKT i tett dialog og samarbeid med helseføretaka.
- gjennomføre prosjekt for å sikre stabil drift og gode tenester til brukarane i Helse Vest, mellom anna;
 - Vidareutvikling av løysing for “offline backup” for sikring av informasjon.
 - Implementere ei heilskapleg forvaltning av løysingar for mobile einingar.
 - Gjennomføre utskifting av IKT-infrastruktur i tråd med investeringsbudsjettet, for å oppretthalde funksjonalitet og kvalitet for infrastrukturen.
 - Gjennomføre vidare innføring av ny teknologi for programvaredefinert datasenter og nettverk.
 - Starte arbeidet med mikrosegmentering i medisinsktekniske og tekniske nettverk, for dei delane av nettverka som støtter dette.

Dei regionale helseføretaka er gitt følgjande oppdrag i 2024:

- Dei regionale helseføretaka skal, under leing av Helse Sør-Øst RHF, pilotere og evaluere utprøving av brukarstyrt poliklinikk med digital monitorering og interaksjon i psykisk helsevern. Det blir vist til omtale i opptrappingsplan psykisk helse og rapport frå ekspertgruppe om sterkare tematisk organisering, samt erfaringar med brukarstyrt poliklinikk innan somatikken.
- Dei regionale helseføretaka skal, under leing av Helse Sør-Øst RHF, ta i bruk løysingar med kunstig intelligens som kan bidra til å frigjere tid hos helsepersonell og redusere ventetider. Effekten av løysingane skal bli dokumentert slik at det legg til rette for vidare innføring. Dei regionale helseføretaka skal også bidra inn i samarbeidet om bruk av KI i helse- og omsorgstenesta som blir leia av Helsedirektoratet.

Helse Vest IKT AS kan bli bedd om å bidra i arbeidet med desse oppdraga.

6. Ressursgrunnlag og finansieringsmodell

6.1 Finansieringsmodell

Finansieringa av selskapet er basert på ein prismodell der det er samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prisingsmodell som gir god samanheng mellom aktivitet og kostnader i selskapet.

6.2 Balansekrav

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for at kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene.

- gjennom god verksemdstyring medverke til at det blir samordningsgevinstar i føretaksgruppa.

Resultatkravet for Helse Vest IKT AS for 2024 er fastsett til 1 mill. kroner.

7. Oppfølging og rapportering

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følgje opp utviklinga i tenestene, og det er etablert eit system for rapportering for å sikre dette.

Så langt det er mogleg vil automatiske datainnsamlingsrutinar bli nytta i samband med rapportering for å redusere rapporteringsbyrda for helseføretaka, som til dømes datainnsamling frå nasjonale eller regionale løysingar.

Helse Vest IKT AS har i tillegg eit ansvar for å melde frå til eigar om vesentlege avvik jamført med planlagd målsetjing. Dette gjeld òg eventuelle avvik frå framdriftsplanen og kostnadsramma for større prosjekt. Helse Vest RHF minner òg om tidlegare eigarkrav, som framleis er gyldige for verksemda utan at dei er særskilt omtalte, eller at det er stilt krav om rapportering i 2024.

7.1 Månadleg rapportering

Etablert praksis for månadleg rapportering frå verksemda blir vidareført i 2024, og skjer etter dei tidsfristar som er kommunisert til helseføretaka i økonomihandboka.

Rapporteringa skjer hovudsakleg gjennom rapportar i Styringsportalen/regionale datavarehusløysingar. I tillegg skal mellom anna kommentarar knytt til økonomisk utvikling og status på eventuelle korrigerande tiltak rapporterast. Økonomirapportar skal behandlast av styra så raskt det lèt seg gjere, slik at eventuelle korrigerande tiltak kan bli sette i verk utan unødig opphald.

Eigar har stilt krav om rekneskapsføring etter felles prinsipp i helseføretaksgruppa. Det er utarbeidd ei felles nasjonal rekneskapshandbok for utarbeiding av rekneskapen.

7.2 Årleg melding

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2025.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er **15. januar 2025**. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til

departementet. Det skal rapporterast om alle krav og mål for 2024 nemnde i styringsdokumentet. I løpet av hausten 2024 vil det bli sendt ut ein mal for årleg melding som Helse Vest IKT AS skal bruke.

7.3 Årsrekneskap og årsberetning

Heile føretaksgruppa skal leggje fram rekneskap og årsberetning i medhald av rekneskapslova. I økonomihandboka er det sett egne fristar for gjennomføring av årsoppgjeret.

Vedlegg:

1. *Oversikt over regionale planar og fagnettverk i føretaksgruppa Helse Vest, og nasjonale forskingsnettverk i Helse Vest*

Vedlegg følgjer frå neste side av.

Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over regionale planar og fagnettverk i føretaksgruppa Helse Vest, og nasjonale forskingsnettverk i Helse Vest

Tabell 1 Regionale planar i føretaksgruppa Helse Vest – per januar 2024

Plan	Gjeldande frå
Regional strategi for forskning og innovasjon 2024-2030	2024
Strategi og handlingsplan for digitale helsetenester 2023-2026	2023
Regional helseberedskapsplan for Helse Vest (u.off.)	2023
Regional plan for smittevern 2022	2022
Regional utviklingsplan 2040	2022
Regional handlingsplan sikkerheitspsykiatri (under revidering)	2021
Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)	2021
Regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest	2021
Regional handlingsplan for Informasjonssikkerhet i Helse Vest 2021 - 2022	2021
Regional plan for psykisk helsevern 2020-2024	2020
Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024	2020
Rapport om oppfølging og implementering av styrevedtak om regional plan for revmatologi	2019
Tuberkulose-program i Helse Vest	2019
Teknologi i Helse Vest – regional plan 2019-2023	2019
Regional plan for svangerskaps-, fødsel- og barselomsorga i Helse Vest 2017-2022	2017
Regional plan for laboratorietenester i Helse Vest 2015 - 2025	2016
HMS strategi for føretaksgruppa Helse Vest	2015

Tabell 2 Faglege regionale nettverk i føretaksgruppa Helse Vest – per januar 2024

Nettverk med finansiering og mandat frå Helse Vest
Regionalt fagnettverk for radiologi
Regionalt fagnettverk for læring og meistring
Regionalt fagnettverk om barn og unge med hjerneskade
Regional klinisk ressursgruppe for barn og unge med CFS/ME
Regionalt fagnettverk for laboratorietenester
Regionalt fagnettverk for traumebehandling
Regionalt fagnettverk for revmatologi
Regionalt fagnettverk for intensivbehandling
Regionalt fagnettverk eMeistring
Regionalt fagnettverk for kjønnsinkongruens

Nettverk med finansiering og mandat frå Helse Vest
Regionalt fagnettverk for sikkerhetspsykiatri
Regionalt fagnettverk for barnepalliasjon
Regionalt fagnettverk – Barn og unge med utviklingshemming og utfordrende atferd
Regionalt fagnettverk for avansert heimesjukehus
Regionalt fagnettverk på CBRNE-området
Regionalt fagnettverk for klinisk dokumentasjon av sykepleie

Tabell 3 Nasjonale forskingsnettverk i Helse Vest – per januar 2024

Nasjonale forskingsnettverk i Helse Vest med finansiering frå Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetjenesten (NSG)
Nettverk i infeksjonsmedisin og antibiotikaresistens: The Norwegian Respiratory Infections Network – ReSpiraNet (Universitetet i Bergen)
Nettverk i persontilpasset medisin og big data: Precision imaging and machine learning for better patient care (Helse Bergen HF)

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 07.03.2024
SAKSHANDSAMAR: Harald Løbersli, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Økonomisk langtidsplan Helse Vest IKT for 2025 - 2029**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 009/24 0

STYREMØTE: 14.03.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka gitt ei løypemelding i arbeidet med økonomisk langtidsplan 2025 - 2029. Forslag til økonomisk langtidsplan vil bli lagt fram for styret til vedtak i styremøte 26.04.2024.

Fakta

Tilnærming til digitalisering innanfor ny områdestruktur for 2025 – 2029 vart handsama i Digitaliseringsstyret 7. mars 2024. Ein diskuterte her overordna ramme for langtidsperioden, og bad om at ein i april møte handsama eit notat som peika på ambisjonar og prioritert aktivitet framover, der også følgjekostnadar og gevinstar vart vurdert.

Kommentarar

Helse Vest har vedtatt «Strategi for digitalisering i Helse Vest» som gir overordna felles føring, sett ambisjonsnivå og peiker på dei viktigaste innsatsområda for digitalisering. Prinsippa for endring av styringsstruktur for digitalisering er vist i figuren nedanfor. Ein god balanse mellom disse prinsippa vil vere vesentleg for å lukkast.



Strategiske føringar for digitalisering i føretaksgruppa Helse Vest er:

- felles regionale løysingar som legg til rette for felles arbeidsprosessar
- moglegheit for lokale tilpassingar, der det er nødvendig og der det kan delast
- dei nasjonale e-helseløysingane skal nyttast
- ta i bruk moglegheitene som skytenester gir

Ambisjonane skal peike ei tydeleg retning for dei prioriteringane som må gjerast framover. Følgjande ambisjonar skal vektleggast:

- brukervennlighet, auka brukskvalitet og god informasjonsflyt ved forbetring og forenkling av dagens og nye digitale løysingar
- dei digitale løysingane skal bidra til å behalde, utvikle og rekruttere medarbeidarar
 - for medarbeidarar skal digitaliseringa gi redusert arbeidsbelastning og ein enklare arbeidskvardag

- digitaliseringa skal bidra til meir effektive tenester
- prioritere initiativ som bidreg til god ressursbruk og effektiv drift i nye og rehabiliterte bygg

Dette forutsett følgjande:

- raskare frå behov til løysing ved bruk av smidige metodar og tverrfaglege team
- løysingar for mobile handhaldne einingar
- regionale data med god kvalitet og struktur
- vedtak på lågast mogleg nivå, involvering og engasjement frå medarbeidarar

Det er lagt opp til eit høgt aktivitetsnivå i langtidsperioden, og Digitaliseringsstyret handsama ramme for utvikling og forbetring i områda i møte 7. mars. Det er lagt fram to alternativ for diskusjon, med årleg ramme på 550 mill. kr, eller ramme på 600 mill. kr:

Fordeling investering og ikkje-aktiverbare kostnader med ramme 550 mill. kr (frå 2025):

År	Investering	Ikke-aktiverbar
2024	400	146
2025	385	165
2026	360	190
2027	330	220
2028	300	250
2029	275	275

Fordeling investering og ikkje-aktiverbare kostnader med ramme 600 mill. kr (frå 2025):

År	Investering	Ikke-aktiverbar
2024	400	146
2025	420	180
2026	393	207
2027	360	240
2028	327	273
2029	300	300

Vedtak i Digitaliseringstyret vil gje føringar for investerings- og kostnadsnivå i økonomisk langtidsplan for Helse Vest IKT, men dette vi ikkje være klart før langtidsplan i Helse Vest IKT skal handsamast. I utkast til økonomisk langtidsplan for Helse Vest IKT vil ein legge til grunn ei vidareføring av dagens ramme med 550 mill. kr årleg.

I vegkart for nasjonal e-helsestrategi er det mellom anna lagt vekt på tilgang til pasientens legemiddelliste (PLL) der Helse Vest er sentral i utprøving av løysing. I tillegg er nasjonal utvikling av kjernejournal, dokumentdeling og pasientens prøvesvar nemnt.

I område IKT-tenester legg ein opp til reinvestering av ferdig avskrivne anlegg innanfor infrastruktur, og det er i utgangspunktet ikkje rom for utviding av kapasitet eller betre yting,

men ein søker å finne rom for dette gjennom meir kostnadseffektive løysingar. I slutten av langtidsperioden vil det bli behov for å starte utskifting av utstyr som i 2022 – 2024 er levert til nybygg, noko som vil krevje auka ramme til reinvestering.

Det er planlagt med flytting til ny datahall i Bergen i løpet av 2025, lokasjon er p.t. ikkje avklart, og estimert investeringskostnad ved etablering er på 10 mill. kr (dersom ein nyttar eigne lokalar).

I sak 046-23 i styremøte 29.09.2023 var sak om sikring av utstyr som ikkje let seg oppdatere handsama. Saka vart følgt opp i sak 056-23 i styremøte 09.11.2023 med estimat på ressursbehov og bytte av utstyr. I økonomisk langtidsplan er det foreslått ei årleg ramme på 25 mill. kr i perioden 2025 – 2027.

Uttak av leigeutstyr har vore høgt i 2022 og 2023, og er budsjettert på same nivå i 2024 med 93 mill. kr. Det er framleis mange PC'ar som ikkje er klare for win-11, og anbefalt nivå for 2025 er på same nivå. Behovet for resten av langtidsperioden er noko lågare, og foreløpig forslag er lagt på 80 mill. kr. årleg. Helse Vest IKT vil ha dialog med HF'a om behov for leigeutstyr og føretaksvise investeringar.

Digital plattform er eit delområde innanfor IKT-tenester som har som målsetting å auke den tekniske endringsevna til Helse Vest IKT ved å nytte komponentar og arbeidsprosessar for å utvikle raskare. I budsjett for 2024 er identifiseringsløysingar (IAM) inkludert, det er forutsett finansiering som eiga teneste frå 2025.

Dette gir følgjande estimat for investeringar infrastruktur:

Infrastruktur	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Server, lagring, nettverk, tele/signal	110 558	145 000	135 000	135 000	110 000	130 000
Leigeordning	93 870	90 000	80 000	80 000	80 000	80 000
Føretaksvise investeringar	23 290	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Digital plattform	24 000	13 000	14 000	15 000	16 000	17 000
Sum	251 718	268 000	249 000	250 000	226 000	247 000

Det er framleis høg aktivitet i byggeprosjekta, noko som vil krevje leveransar frå alle delar av Helse Vest IKT, og her må behov frå prosjekta avstemmast med planlagt bemanning i dei ulike avdelingane. Ein ser at behovet vil vere noko lågare enn i 2024, og nivå i langtidsperioden er svært usikker, og er avhengig av kva for prosjekt som vert vedtatt av HF'a.

I arbeidet med budsjett for bemanning vil planlagt aktivitetsnivå innan utvikling og forbetring i områda, aktivitet i byggeprosjekta og interregionale/nasjonale initiativ prioriterast. I tillegg vil arbeid med mikrosegmentering, mobilitet, skyløysingar, kunstig intelligens, beredskap og IKT-sikkerheit krevje meir bemanning i langtidsperioden. Arbeidet med innsparing og effektivisering vil framleis ha fokus, med sikte på å ta ut gevinstar i Helse Vest IKT.

Avskrivningar, lisensar og support-/vedlikehaldsavtaler vert estimert med grunnlag i framskriving av budsjett 2024, korrigert for kjente endringar. Dette vil gi ei auke i avskrivningar og årlege vedlikehaldskostnadar.

Helse Vest IKT har i avtalen med Microsoft ein opsjon på å forlenge dagens avtale i 2 år. I 2026 vil det bli nye forhandlingar, og ein ser her på moglegheit for ein nasjonal avtale i samarbeid med dei andre regionane.

Helse Vest IKT har vedtatt å ta i bruk den internasjonale standarden FIDO2 som teknologisk vegval for multifaktor påloggingsteknologi. Løysinga nyttar ein brikke (t.d. Yubikey frå Yubico) i staden for id-kort og brukernavn/passord, og skal i første omgang nyttast til nettbrett for reinhaldsprogrammet CleanPilot og mobilapplikasjonen DEBRA, men den kan også nyttast til mobilapplikasjonar som IMATIS, DIPS, andre applikasjonar og PC'ar. Gevinsten er betre sikkerheit, sikker identifisering, unngå innlogging på mobile einingar med 16-tegns passord og MS Authenticator. Løysinga vil forenkle pålogging for helsepersonell i lys av framtidens grad av auka mobilitet og bruk av mobile plattformar. Det er anbefalt at løysinga på sikt nyttast av alle brukarar på alle einingar (nettbrett, mobil, PC, MTU og TU). Dersom ein legg til grunn at alle brukarar skal nytte løysinga vil det ha ein kostnad på om lag 35 – 40 mill. kr i langtidsperioden for innkjøp av utstyr (t.d. brikker).

Resultatkrav frå Helse Vest RHF i langtidsplan er eit årleg overskot på 1,0 mill. kr.

Alle tal i økonomisk langtidsplan skal vere i 2024 kroneverdi og utan justeringar for pris- og lønsvekst i perioden.

Helse Vest RHF legg til grunn renteprognose i tabell under:

Rentebane	2025	2026	2027	2028	2029
Rente	3,70 %	3,50 %	3,30 %	3,00 %	3,00 %

Konklusjon

Tilnærming til arbeidet med økonomisk langtidsplan er lagt fram for styret til orientering. Administrasjonen vil ha dialog med helseføretaka, byggeprosjekt og RHF'et for å vurdere og prioritere dei ulike behova.